

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: , Skype- eller telefonmøte
Dato: 18.03.2020
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til xxx. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| ST 4/2020 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 5/2020 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Valg og konstituering 2020 - 2023 | | 2020/3369 |
| ST 6/2020 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2020 | | 2019/21618 |
| ST 7/2020 | Referatsaker | | |
| RS | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årsrapport 2019 | | 2019/21618 |
| RS | SNO Jotunheimen - Årsrapport 2019 | | 2019/4527 |
| RS | Tilråding på oppdrag om å vurdere forskriftsendring - bruk av el-sykkel på vei i enkelte verneområder | | 2019/16144 |
| RS | Besseggløpet - Rapport 2019 | | 2019/20850 |
| RS | Jotunheimen NP - Tilbakemelding på utplassering av geocache på Visbretinden | | 2019/16996 |
| ST 8/2020 | Delegerte vedtak | | |
| 1/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - snødekt mark - leiting etter sakna dyr - Gravdalen - Leirdalen - Håkon Øverli | | 2019/20551 |
| 2/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020-2023 - Motorferdsel i samband med utleige av hytter - Lom fjellstyre | | 2020/1161 |
| 3/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2023 - Bruk av snøskuter for utsetting av fisk - Vågå fjellstyre | | 2020/2535 |
| 4/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020-2023 - Bruk av drone i samband med tamreindrift - Vågå tamrein AS | | 2020/311 |
| 5/2020 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2023 - Transport i samband med drift og vedlikehald av anlegg - Hydro Energi AS | | 2020/3317 |
| ST 9/2020 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog 2020 | | 2019/19735 |
| ST 10/2020 | Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2023 - Snøskuter - Røde Kors Luster Hjelpekorps | | 2019/21597 |
| ST 11/2020 | Jotunheimen NP - dispensasjon - 2020 - 2023 - Besseggløpet - Besseggen Fjellpark AS v/ Tor Erik Moen | | 2020/1332 |
| ST 12/2020 | Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Ultraløp - Jotunheimen Ultimate Challenge | | 2020/3536 |

| | | |
|------------|--|-----------|
| ST 13/2020 | Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Etablering av hengekøyeovernatting - Glitterheim Turisthytte | 2020/1851 |
| ST 14/2020 | Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Utvida gjestetransport - Glitterheim Turisthytte | 2020/1850 |
| ST 15/2020 | Høyring - Kvalitetsnorm for villrein - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 2020/3680 |
| ST 16/2020 | Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS | 2020/3289 |
| ST 17/2020 | Jotunheimen NP og Utladalen LVO - dispensasjon - drone - TV-produksjon - Nordisk Film TV AS | 2020/3627 |
| ST 18/2020 | Eventuelt | |

ST 4/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2020/3369-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.03.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 5/2020 | 18.03.2020 |

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Valg og konstituering 2020 - 2023

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen blir konstituert med val av leiar og nestleiar, i medhald av pkt. 4 i gjeldande vedtekter frå 01.01.2020. Følgjande er valde:

Leiar: _____

Nestleiar: _____

I medhald av pkt. 5 i gjeldande vedtekter oppnemner styret eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet består av leiar, nestleiar og 1 medlem.

Medlem Arbeidsutval: _____

Vararepresentantar til AU, i nummerert rekkefølge:

1. _____

2. _____

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Brev av 03.03.20 frå Miljødirektoratet – oppnemning av nytt styre
- Brev av 02.09.19 frå Miljødirektoratet til aktuelle kommunar og fylkeskommunar om val av representantar til nasjonalpark- og verneområdestyre.
- Forslag frå kommunar og fylkeskommunar sendt til Miljødirektoratet
- Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, oppdatert frå 01.01.20

Saksopplysningar

På bakgrunn av forslag frå kommunar og fylkeskommunar har Miljødirektoratet oppnemnd følgjande styre for Jotunheimen og Utladalen for perioden 2020 – 2023:

| Medlem | Personleg varamedlem | Representerer |
|--|------------------------------|-------------------------|
| Marit Sletten (Sp) | Rolv Enersvold (Sp) | Lom kommune |
| Ivar Kvalen (Sp) | Marit Tennø (Sp) | Luster kommune |
| Leif Solemsli Bygdelista i Vang | Kristin Bakke Lajord (Sp) | Vang kommune |
| Harald Sve Bjørndal Bygdalista i Vågå | Live Langøygard (Ap) | Vågå kommune |
| Hilmar Høl (Ap) | Anne Kauppi (Ap) | Årdal kommune |
| Kjersti Bjørnstad (Sp) | Svein Håvar Korshavn (H) | Innlandet fylkeskommune |
| Trude Brosvik (Krf) | Aleksander Øren Heen (Sp) | Vestland fylkeskommune |

Samansetnaden av styret følgjer krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 28.

Historikk:

| Styreperiode | Leiar | Nestleiar |
|--------------|---------------------|---------------------------|
| 2011 | Rune Øygaard, Vågå | Anders Bolstad, Luster |
| 2012 - 2015 | Mai Bakken, Lom | Ivar Kvalen, Luster |
| 2016 - 2019 | Ivar Kvalen, Luster | Iselin Vistekleiven, Vågå |

Heimelsgrunnlag

Rammene for arbeidet i nasjonalparkstyret følgjer av vedtektene (vedlegg).

Vurdering

Miljødirektoratet har fastsatt reviderte vedtekter for nasjonalparkstyret gjeldande frå 01.01.2020. I medhald av vedtektene § 4 skal styret sjølv velja leiar og nestleiar:

4.NASJONALPARKSTYRETS MEDLEMMER, OPPNEVNING, SAMMENSETTING MV

Sammensetningen av styret skal følge kravene til kjønnsfordeling i likestillingsloven § 28. Nasjonalparkstyret skal ha 7 medlemmer med personlige varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Nasjonalparkstyret oppnevnes av Miljødirektoratet etter innstilling fra de berørte kommunene og fylkestingene i Innlandet og Vestland.

Hver kommune skal være representert med ett medlem og innstiller en kvinne og en mann blant kommunestyrets medlemmer. Hver fylkeskommune skal være representert med ett medlem fra fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller en kvinne og en mann blant fylkestingets/fylkesrådets medlemmer.

Oppnevningsperioden for medlemmene følger valgperioden for henholdsvis kommunestyret og fylkestinget.

Nasjonalparkstyret velger selv sin leder og nestleder.

Vedtektene pkt. 5 opnar vidare for etablering av arbeidsutval:

5. OPPRETTELSE AV ARBEIDSUTVALG

Styret kan nedsette et arbeidsutvalg bestående av personer fra styret.

Styret kan gi arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven/verneforskriftene i enkeltsaker som ikke er av stor betydning for verneverdiene.

Arbeidsutvalgets vedtak skal treffes innenfor rammen av prinsipper fastsatt av styret for de ulike saksområdene i tråd med naturmangfoldloven/verneforskriftene.

Arbeidsutvalet har dei førre periodane hatt tre medlemmer, med ein representant i tillegg til leiar og nestleiar. Arbeidsutval 2016-19: Ivar Kvalen, Iselin Vistekleiven og Bjarne E. Holø.

Det blir tilrådd å velja leiar, nestleiar og 1 medlem til Arbeidsutvalet. For hastesaker kan det vera tenleg å ha vararepresentantar dersom dei faste ikkje kan delta. Desse bør veljast blant dei faste styremedlemmene. Det blir tilrådd å nemne opp to vararepresentantar i nummerert rekkefølge. Dette vil vera i tråd med etablert praksis i styreperioden 2016-2019.

Rammene for arbeidet i arbeidsutvalet er gjeve i delegeringsvedtak i styresak 20/2016:

1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande enkeltsaker, som ikkje er i konflikt med verneverdiane, til Arbeidsutvalet:

- Hastesaker som krev avgjerd før det er aktuelt å kalle inn heile styret og der forvaltningsplanen tilseier at løyve kan/bør gjevast*
- Irreversible tiltak som byggjetiltak og terrenginngrep vert i utgangspunktet ikkje delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre vesentlege tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.*

Det vart i same sak delegert myndigheit til nasjonalparkforvaltarane å gjera vedtak i nærare definerte saker som gjeld ferdsel og motorferdsel, med fast etablert forvaltningspraksis.

Det vart i sak 20/2016 om delegeringsreglement understreka at sakene må ha god forankring i styret, og at ein dermed må vera nøye på å nytte delegering berre for rutineprega saker der det er godt etablert praksis og i saker der det er hastar med avgjerd. Alle vedtak fatta av Arbeidsutvalet og nasjonalparkforvaltarane på vegne av Nasjonalparkstyret skal vere i tråd med naturmangfoldlova, verneforskriftene og forvaltningsplan. Delegerte vedtak skal refererast for styret i komande møte.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2019/21618-11

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.03.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 6/2020 | 18.03.2020 |

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2020

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner følgjande møteplan for resten av 2020, med fastsetting av dato der det er fleire alternativ å velja i:

| Dato og møtestad | Alternativ dato | Ramme for møtet |
|--|-----------------|---|
| 18. mars | | Konstituerande møte. |
| 22. juni Luster. Aktuelle møteplassar: Turtagrø, Skjolden, Gaupne | 8. juni | Fysisk møte. Orientering om aktuelle problemstillingar og saker for området: Villrein i Vest-Jotunheimen, byggeplanar på Fannaråken og ved Skogadalsbøen |
| 16.-17. september * Årdal | 7.-8. sept. | Aktuelt: Orientering om informasjon og tilrettelegging ved innfallsport Utladalen. Kombinere med møtet i fagleg rådgjevande utval? |
| 13. november Lom, Vang eller Vågå | 20. nov. | Hovudsak: Bestillingsdialogen og søknad om tiltaksmidlar |

Møtekalenderen blir supplert med møte i Arbeidsutvalet dersom det kjem saker som krev raskare avklaring og som ikkje er rutinesaker med høve til administrativ behandling.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Samanstilt kalender som viser datoar for kommunestyre, formannskap, fylkesting, fylkesutval og fylkeskomitear, og ut frå dette aktuelle ledige datoar.

Det er allereie gjennomført eitt styremøte og eitt AU-møte i januar 2020. Det var avklara med Miljødirktoratet at sitjande styre ville funger heilt fram til nytt styre vart oppnemnd.

Vurdering

I møteplanen må ein prøve å unngå datoar for kommunestyre, formannskap, fylkesting og fylkesutval og fylkeskomitear. Dette er utval der både fast representant og vararepresentant vil vera opptekne samtidig. Ut over dette må ein kunne rekne med å nytte ordninga med vararepresentant i enkelte høve.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades.

Ein har ikkje praktisert ordning med møteplan for Arbeidsutvalet, da desse møta vil vera styrt av saker som kjem inn. Dersom det kjem hastesaker som er av slik karakter at dei ikkje bør delegerast, kan ein i samråd med leiar vurdere ekstra styremøte. Desse blir gjerne gjennomført som telefonmøte eller e-postmøte.

På bakgrunn av møtekalender lagt ut på kommunale og fylkeskommunale nettsider har ein prøvd å finne ledige datoar. Ikkje alle har lagt ut datoar for andre halvår. Forslag til plan:

| Dato | Alternativ dato | Ramme for møtet |
|--|-------------------|---|
| 10. januar | | Telefonmøte, utført |
| 18. mars, Lillehammer | | Konstituerande møte. Største sak: Priorisering av tiltaks- og skjøtselsmidlar |
| 22. juni Luster. Aktuelle møteplassar: Turtagrø, Skjolden, Gaupne | 8. juni, 12. juni | Fysisk møte. Orientering om aktuelle problemstillingar og saker for området: Villrein i Vest-Jotunheimen, byggeplanar på Fannaråken og ved Skogadalsbøen |
| 16.-17. september * Årdal | 7.-8. sept. | Aktuelt: Orientering om informasjon og tilrettelegging ved innfallsport Utladalen. Kombinere med møtet i fagleg rådgjevande utval? |
| 13. november Lom, Vang eller Vågå | 20. nov. | Hovudsak: Bestillingsdialogen og søknad om tiltaksmidlar |

*Dersom styret ønskjer å møte rådgjevande utval, kan ein prøve å samordne med ei felles samling. Møte i Rådgjevande utval rullerer mellom kommunane etter ein fast plan, og i år skal møtet vera i Årdal. Møta blir avvikla i september, for å ha opne fjellovergangar og moglegheit for å gjera eventuelle synfaringar på berrmark. Det kan orgnaiserast som ei lunsj-til-lunsj-samling, med styremøte enten på føremiddagen første dag eller på ettermiddag neste dag. Dei som ønskjer kan vera med på heile samlinga med rådgjevande utval.

ST 7/2020 Referatsaker

**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årsrapport 2019
2019/21618**

SNO Jotunheimen - Årsrapport 2019 2019/4527

**Tilråding på oppdrag om å vurdere forskriftsendring - bruk av el-sykkel
på vei i enkelte verneområder 2019/16144**

Besseggløpet - Rapport 2019 2019/20850

**Jotunheimen NP - Tilbakemelding på utplassering av geocache på
Visbretinden 2019/16996**

ST 8/2020 Delegerte vedtak

**1/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - snødekt
mark - leiting etter sakna dyr - Gravdalen - Leirdalen - Håkon Øverli
2019/20551**

**2/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020-2023 -
Motorferdsel i samband med utleige av hytter - Lom fjellstyre 2020/1161**

**3/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -
Motorferdsel - 2020-2023 - Bruk av snøskuter for utsetting av fisk - Vågå
fjellstyre 2020/2535**

**4/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020-2023 -
Bruk av drone i samband med tamreindrift - Vågå tamrein AS 2020/311**

**5/2020 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO -
Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2023 - Transport i samband med drift
og vedlikehold av anlegg - Hydro Energi AS 2020/3317**

Arkivsaksnummer: 2019/19735-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 20.02.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 9/2020 | 18.03.2020 |

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidlar og bestillingsdialog 2020

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer at tildelt løyving til tiltak for tilrettelegging ligg på vel 70% av innmeldt behov/søknad, medan tildeling av skjøtselsmidlar er fullt i samsvar med søknaden. Det kan verta behov for å søke om tilleggsmidlar til tiltak dersom det blir opna for dette i løpet av året. Jotunheimen er eit svært trafikkert område med stort behov for informasjon og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader.

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og til arbeidet med nettside retta mot publikum, forvaltningsplanen og brukarundersøking.

| | |
|--|-----------------------------|
| Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | kr. 350 000 |
| Arbeid med forvaltningsplan / besøksstrategi | kr. 200 000 |
| Skjøtselsplan Utladalen, slutføring/godkjenning | kr. 100.000 |
| Nettside Jotunheimen og Utladalen | kr. 50.000 |
| Drift av sekretariatet (ekskl. lønsutgifter) | Ikkje tildelt rammer til nå |

2. Nasjonalparkstyret legg til grunn av løyvingane til sekretariat med ein forvaltar hos Fylkesmannen i Innlandet og ein forvaltar hos Fylkesmannen i Vestland blir tilpassa det behovet ein har for å kunne følgje opp arbeidet med kunnskapsbasert forvaltning av verneområda. Styret finn det uheldig dersom budsjettet ikkje gjev rom for å følgje opp med nødvendige synfaringar og deltaking på møte og samlingar som krev reiser. Budsjettet må ta høgde for at deltaking på landsdekkande fagsamlingar av og til vil krevje flyreiser og ekstra overnattingar – dette gjeld særleg for stillinga plassert på vestsida.

3. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer midlane løyvd i bestillingsdialogen for tilretteleggingstiltak med økonomiansvar forvaltninga for 2019 slik:

| | |
|--|----------------|
| A. Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. | 500.000 |
| Kanalisering/erosjonssikring på stig frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen | 200.000 |
| Kanalisering og sikring av Besseggenstigen ved Bandet | 280.000 |
| Vedlikehald og mindre tiltak mot erosjon; m.a. stien mot Vettisfossen | 20.000 |

| B. Informasjon/tilrettelegging – jf. besøksstrategi / forvaltningsplan | |
|---|----------------|
| Utsiktsplattform Vettisfossen, forprosjekt tilrettelegging og sikring | 200.000 |
| Fornyng av informasjonstavler til nytt design | |
| - Utladalen/Hjelle, oppfølging av forprosjekt | 220.000 |
| - Spiterstulen | 15.000 |
| - Leirvassbu | 15.000 |
| - Eidsbugarden – inkl. infopunkt ved Fv. 53 | 40.000 |
| Vedlikehald etablerte tiltak | 10.000 |
| Sum | 500.000 |

Forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar mellom tiltak dersom det blir meir eller mindre forbruk enn stipulert. Styret blir orientert i komande møte.

4. Prioritering av skjøtselsmidlar forvalta av SNO Jotunheimen:

| | |
|---|----------------|
| Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) | 240.000 |
| Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) | 160.000 |
| Styving/rising av alm og lind i heimre Utladalen | 90.000 |
| Krattrydding/vedlikehald kulturlandskap Guridalen | 30.000 |
| Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet | 60.000 |
| Kratt og skogrydding / vedlikehald kulturlandskap Gjendebuområdet | 20.000 |
| Styrt beite ved Gjendebu (geit) | 15.000 |
| Slått av kve ved Gjendebu for ivaretaking av biologisk mangfald Blir gjennomført annakvart år – sist utført 2019 | - |
| Sum | 615.000 |

SNO og forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar ved behov.

5. Plassering av dei tre tildelte ferdselsteljarane (eco-counter) blir prioritert slik:

- 1) Telling på Folkevegen i Utladalen.
- 2) Ved Ekrehytta, i stien til Fanaråken / Utladalen
- 3) Ny telling mot Galdhøpiggen frå Visdalen
- 4) Utkikkspunkt Sognefjellet
- 5) Knutshøe, for måling av eventuell effekt av marknadsføring i media.

Dersom telling på Besseggen-stien er ein føresetnad for å kunne få vurdert Besseggen som nasjonal turiststi, kan teljar nr. 4 eller 5 utplasserast ved Vesleløyfte på same plass som i 2017-19.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Sak 43/2019 i Nasjonalparkstyret, med tilhøyrande bakgrunnsdokument - *Tiltaksmidlar og bestillingsdialog 2020*
- Søknad om tiltaksmidlar 2020, Elektronisk søknadssenter (ESS) 08.01.2020. Vedlegg 1.
- Tildeling av tiltaksmidlar 2020, Miljødirektoratet (ESS), behandling. Vedlegg 2.
- Tildeling av midlar til styret og planarbeid – Miljødirektoratet (ESS). Vedlegg 3.
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Miljødirektoratet - *Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO – 2020, og Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar

- Skjøtselsplan for Utladalen

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 43/2019 følgjande vedtak om kva tiltak ein skulle søke om:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaks- midlar for 2020 via elektronisk søknad til følgjande tiltak – jf. vedlagt forslag til tiltaksplan:

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- *Utsiktsplattform Vettisfossen, forprosjekt tilrettelegging og sikring*
- *Fornyng av informasjonstavler til nytt design*
 - *Utladalen/Hjelle, oppfølging av forprosjekt*
 - *Spiterstulen*
 - *Leirvassbu*
 - *Bygdin*
 - *Eidsbugarden – inkl. infopunkt ved Fv. 53*
- *Utsiktspunkt ved pilot innfallsport Sognefjellshytta – namn på fjelltoppar*
- *Brukarundersøking, fullføring analyser*
- *Temabrosjyre dyre- og planteliv*
- *Nettside med ny design*

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Prioritering av tiltak etter tildeling

- *Vedlikehald og førebyggjande tiltak på plassar med erosjon; m.a. mot Vettisfossen*
- *Kanalisering og erosjonssikring av parti på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen*
- *Kanalisering og sikring av Besseggenstigen ved Bandet*

Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg:

- *Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)*
- *Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)*
- *Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen*
- *Krattrydding/vedlikehald Guridalen*
- *Styrt beite ved Gjendebu (geit)*
- *Styrt beite ved Gjendebu (storfe)*
- *Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet*
- *Slått av kve ved Gjendebu blir utført annakvart år – ikkje i 2020.*

Forvaltningsplan

- *Kartlegging av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet, under arbeid*
- *Bestandsutvikling jaktfalk*

Andre tiltak

- *Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak*
- *Bestilling av standard skilt frå Grafika*
 - *Supplere med dronforbodsskilt, der desse manglar*
 - *Nye skilt om bandtvang, med gjeldande tider for kvar kommune*

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort på nyåret 2020, etter at tildeling av midlar er klart. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken

skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og stivedlikehald, restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.
Vidareføring av etablert skjøtsel av kulturlandskap

Bestilling av tenester frå SNO:

- Oppsyn med fokus på utvalde arrangement
- Oppfølging av ferdselsteljarar (eco-counter) i Utladalen, på Sognefjellet, mot Galdhøpiggen frå Visdalen og Knutshøe. 1 ny + batteri til eksisterande
- Nye skilt: Standard droneskilt og informasjonsskilt bandtvang på aktuelle innfartsårer
- Administrasjon av tilrettelegging og vedlikehald stignett. Kartlegge behov
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar og villrein
- Oppsyn/kontroll av motorferdselløyve på vinterføre.

Det vart søkt om totalt 2.010.000 kroner, fordelt på 1.395.000 til tiltak og 615.000 til skjøtsel, jf. vedlegg 1. Midlar til utviklinga av nettside er løyvd via kap. 14.20.21 i staden for over tiltaksmidlane. Søknad om midlar til styre og planarbeid er i hovudsak innvilga – jf. vedlegg 3.

Innvilga beløp til tilretteleggingstiltak i regi av forvaltninga er 1.000.000 kroner. Vi må derfor ta ut nokre av tiltaka. Søknad om skjøtselstiltak er innvilga fullt ut med 615.000, jf. vedlegg 2. Etter dialog mellom Miljødirektoratet og Rigmor Solem i SNO er det tildelt 5 ferdselsteljarar.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015. Pkt. 8.2 i vedtektene legg opp til at «*Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings-/tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.*»

Vurdering

Stiltak

Tildelte tiltaksmidlar for 2020 gjev rom for å setja i verk det største innmeldte tiltaket med stigvedlikehald og oppgradering av stignett. Det vart i 2019 bestemt å utsette stiltak til 2020, for å ha ein pott som gjev grunnlag for engasjement av menneskap over ein litt lengre periode. Ein unngår dermed å måtte bruke så mykje av midlane til administrasjon og transport av menneskap. Det er kvart år behov for ein mindre pott til rydding av stigen mot Vettisfossen, for å rydde unna stein og grus som har glidd ut i samband med snøsmelting. Dette kan med fordel kombinerast med andre stiprosjekt, dersom det er pågåande prosjekt utanom vårt område som gjer at det uansett vil vera eit sherpalag i nærleiken av Årdal. Eventuelt kan rydding utførast i regi av Utladalen Naturhus. Dette gjer det mest rasjonelt å lyse ut dei større stiltaka med hovudtyngde i Aust-Jotunheimen samla, og ha stiryddinga mot fossen som enkelttiltak. Samordning av stiarbeid er likevel aktuelt om forholda ligg til rette for det.

Utsiktsplattform Vettisfossen

Dette er eit større tiltak som er avhengig av samarbeid med fleire aktørar. Plattformen er i dårleg stand, og må enten fjernast heilt eller erstattast med ein ny og tryggare konstruksjon.

Grunneigar er positiv til ei oppgradering/utskifting av utsiktsplattform og rekkverk innan området som er tilrettelagt i dag – jf. synfaring med NP-styret 21. juni 2019. Årdal Utvikling har arbeidd med planar om ein ny installasjon (jf. presentasjon på styremøte), men dei har førebels ikkje kome fram til eit opplegg som grunneigar kan slutte seg til.

Utsiktsplattforma kjem truleg inn under kategorien «*større installasjoner som fugletårn mv.*», der det blir stilt krav om «*en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket*». Vidare blir det understreka at eigarforhold og vedlikehaldsansvaret må vera avklara på førehand. Det blir derfor foreslått å utarbeide eit forprosjekt for å ha eit fagleg godt grunnlag for å kunne gå vidare med ein søknad om heil eller delvis finansiering av tiltaket. Forprosjektet må avklare forholdet til grunneigar, moglegheit for at fleire aktørar kan bidra til finansiering, og skissere planlagt tiltak med materialvalg og utforming. Ei tilrettelegging her føreset også at ein får på plass tilfredsstillande sikring ut mot kanten langs stigen og ved plattforma. Ein bør også oppgradere strekningane med rekkverk langs stigen opp lia frå Vetti.



Informasjonstiltak:

Fornyng av informasjonstavler til nytt design ved alle sentrale innfallsportar blir prioritert, i tråd med besøkstrategien.

Ved Utladalen/Hjelle har Naturhuset levert eit enkelt forprosjekt som både omfattar nye informasjonstavler på parkeringsplass og ved naturhuset, pluss andre informasjonstiltak. Tiltak på parkeringsplass må samordnast med framdrift hos Årdal kommune, og ein kan kanskje få ordna grunnarbeid for nye tavler i samband med utviding av P-plass.

Det er avklara med Miljødirektoratet at eksisterande skiferplater ved Spiterstulen og Leirvassbu kan gjenbrukast som skiltstativ. Trykk av nye aluminiumstavler har liten kostnad.

Eidsbugarden – inkl. infopunkt ved Fv. 53 må vurderast nærare. Eksisterande tavle nede ved vatnet på Eidsbugarden vart skada i fjor, og ny tavle i ny design er under arbeid (finansiert over fjorårets budsjett). Infopunkt ved Tyinkrysset må vurderast i samarbeid med Statens Vegvesen.

Utskifting av tavler ved brygga på autsida av Bygdin blir sett på vent, inntil ein får sett framdrift på ei mogleg flytting av brygga. Utskifting av eldre tavle i eksisterande stativ vil ikkje koste så mykje. Det er etablert dialog med reguleringsplanleggjar.

Drift, m.m.

Drift av etablerte tiltak krev om lag 10.000 årleg.

Om ein ser at det blir ledige midlar, held ein fram med implementering av merkevaren på alle område der det er gamle skilt.

Følgjande tiltak det er søkt om blir ikkje prioritert:

- Utsiktspunkt ved pilot innfallspørt Sognefjellshytta – namn på fjelltoppar
- Temabrosjyre dyre- og planteliv

Dels prioritert, gjennomføre trinn 1

- Utladalen/Hjelle, oppfølging av forprosjekt
- Eidsbugarden – inkl. infopunkt ved Fv. 53

Skjøtsel (skjøtselsbudsjett administrert av SNO):

Skjøtsel i Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført. Skjøtselstiltaka i Utladalen har gått over fleire år og er omfattande. Dei siste åra er skjøtselen også utvida til Øvre Utladalen. Framlegg til skjøtselsplan har vurdert dei ulike skjøtselsområda i Utladalen og tilrår vidareføring, men rangerer også dei ulike områda. Skjøtselsplanutkastet menglar formell godkjenning, og arbeid med dette blir prioritert i 2020. Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande, og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtselsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen.

Ved behov for strengare prioriteringar må verneverdi ha stor vekt. Tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket har stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping. Forslag til fordeling er i tråd med søknad, men det vart søkt om eit litt høgt beløp på skjøtsel med geit i Gjendebu, så det er her forslag om ei mindre omfordeling i høve til søknaden. Det kan også vera aktuelt med mindre interne omprioriteringar mellom enkelttiltaka.

Nettside

Arbeidet med publikumsretta nettside er i gang.

Ferdselstelling

Ferdseleksregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar. Ifølgje SNO får vi disponere 5 teljarar i 2020. Dette er bra, men uansett må ein prioritere punkta der det er viktigast å få telling i år.

Det er behov for ny telling ved innfallspørt Utladalen for å skaffe betre oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde. Det er interessant å sjå utviklinga frå sist det var teljing her.

Vest-Jotunheimen villreinutval arbeider med revisjon av bestandsplan for villreinområdet, og spurde hausten 2019 om det fanst tal frå brukarundersøkingar som kan vise ferdsel i områda rundt Fanaråken-Skogadalsbøen-Vetti, men også Skogadalsbøen-Leirvassbu-Eidsbugarden. Rigmor Solem viste til at det hadde vore utført teljing ved Ekrehytta, før stien deler seg mot Utladalen og Fannaråken. I årsrapporten til SNO for 2008 står følgjande om ferdselstelling:

«Mykje tyder på at det generelt var noko meir ferdsel i heile Vest-Jotunheimen i år i forhold til året før. Ein ferdselsteljar vart sett opp ved stien til Fanaråken / Utladalen 29. juni 2007 og på same plass den 12. juni 2008. Antal passerande var knappe 7000 i 2007 og vel 8500 i 2008. Under "Fanaråkløpet" passerte 1232 teljaren i 2007 (11.08.), og 1107 i 2008 (09.08). Det vart også sett opp ein teljar ved Tindeklubbhytta i Skagastølsdalen, men nokon hadde klussa med teljaren og den vart sett ut av funksjon. Det er ei utfordring å plassere teljaren slik at den ikkje blir oppdaga, og ikkje blir utsett for skade av noko slag.»


Teljaren var sett opp på same plass i 2007 og 2008, og det vil vera interessant å få telling på same punktet att i år. Dette vil gje verdifull informasjon om utviklinga i ferdselen over tid. I andre delar av Jotunheimen har vi registrert ein vesentleg auke det siste tiåret, og det er viktig for forvaltninga å få nye tal også for innfallspørtane i vest.

Teljar på stigen frå Spiterstuen mot Galdhøpiggen vil supplere teljing utført i 2018, og vil gje betre samla trafikketal for Galdhøpiggen. Det er viktig med teljing meir enn eitt år, for å få eit supplement til sommaren 2018, da det var mykje bra vær og svært stor utfart i fjellet.

Teljinga ved Sognefjellet var planlagt å gå over ein treårsperiode, men her bør ein utvide til 2020 for å få teljing både før og etter tilrettelegginga av Utkikkspunkt Sognefjellet. Teljar er flytta slik at han fangar opp dei som går nybrua over Fantesteinvatnet, og ein prøver å ha telling to påfølgjande år for sikrere tal.

Det er vart ny teljing ved Knutshø i 2019, som følgje av massiv marknadsføring i media både i 2017 og 2018. Det er ønskjeleg å vidareføre eitt år til, for å få talfesta om marknadsføringa har ført til vesentleg auke i trafikken. Kunnskapen ein fekk gjennom teljingane på Knutshø i 2015-16 viser at det er behov for å arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbar overfor forstyrningar. Det er i dag stor utfart over Knutshø i juni, som er ein sårbar periode – jf. Rapport med sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen frå 2015, som viser nedgang i hekkesuksess etter kvart som trafikken har auka. Det er også interesse frå forskingsmiljø for å følgje utviklinga på Knutshøe, og da vil ny teljing etter sesongar med massiv marknadsføring gje svært verdfull bakgrunnsinformasjon.

Besseggen har vore sett i samanheng med *Nasjonale Turiststi Besseggen* og dei pågåande arbeida ved Gjende knytt til *Nasjonale Turistveger*, og det har vore årleg telling i 2017-2019 for å følgje utviklinga som skjer i takt med ulike andre tiltak i området. Teljinga har gjeve verdfull informasjon for oppfølging av området, og er eit pålagt tiltak dersom det skal søkjast om autorisasjon som Nasjonal Turiststi. Variasjonane frå år til år på teljaren ved Vesleløyfte følgjer same svingingar som trafikktala for Gjendebåten:



| | 2017 | 2018 | 2019 |
|--|--------------|--------------|--------------|
| Ferdseltejar Besseggenstien ved Vesløyfte | 54304 | 56599 | 54084 |
| Gjendebåten, samla passasjertal | 63228 | 67851 | 62909 |

Dersom fortsatt telling er ein føresetnad for å vidareføre arbeidet med Nasjonal turiststi Besseggen, kan teljar ved Knutshøe eller Sognefjellet omprioriterast til Besseggstien ved Vesleløyfte.

Generell oppsummering – Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Oppfølging av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 har vore prioritert, og innføring av nytt design i tråd med merkevaren «*Norges Nasjonalparker*» blir gjennomført trinn for trinn. Alle innfallsportane med informasjon er med i tiltaksplanen, for å vise samla tilrettelegging. Tabellen under viser tiltak utført i tråd med merkevaren (grønn), under arbeid (lysegrønn) og tiltak planlagt 2020 (blå). Utan farge er punkt for vidare vurdering.

| | |
|--|---|
| Utkikkspunkt Pilot innfallsport Sognefjellshytta | Pilotsatsing, inkl gangbru og opparbeidd sti |
| Skiltstativ med nye stålskilt etter ny mal Sognefjellshytta Krossbu Turtagrø | Del av pilotprosjektet, Utført 2018 Del av pilotprosjektet, Utført 2018 Del av pilotprosjektet, utført 2018 |
| Nye skilt på stativ samlokalisert med andre Nye tavler ved Gjendeosen og Reinsvangen | Samarbeid med Nasjonale Turistveger i 2019 |
| Vargebakkane, Valdresflya? | Avhengig av ev. infopunkt i regi av Turistvegprosjektet |
| Nye skilt på eksisterande stativ Juvflya Gjendebu og Memurubu Koldedalen | Del av pilotprosjektet, utført 2018 Utskifting gamle tavler Gjendebu og Memurubu 2018 Utskifting gammalt skilt i 2018 |
| Glitterheim ved bom i Veodalen | Utskifting skilt, eksisterande stativ 2019-20 Erstatta portstolpar med markørar i nytt design. |
| Eidsbugarden | Erstatte øydelagt skilt med eitt i nytt design. Format tilpassa kommunal informasjon |
| Eidsbugarden / Tyinkryset (Fv. 53) | Samarbeid med Statens vegvesen? |
| Bygdin | Tavle ved brygga, gammal design, bør skiftast |
| Spiterstulen/Visdalen Leirvassbu | Ombruk av stativ/skifertavler. |
| Vegaskjelet kryss Fv 55 mot Leirvassbu | Samarbeid med Turistvegprosjekt ? |
| Nye tavler og andre tiltak med utforming etter merkevaren | |
| Utladalen / Hjelle | Forprosjekt informasjon frå parkering og inn til Utladalen, utarbeidd 2019. Tiltak 2020-2021 |
| Utsiktsplattform Vettisfossen | Forprosjekt 2020. Tiltak føreset finansiering av eit større beløp, evt. spleiselag |

Besøksstrategien er under revisjon, men både arbeidet med forvaltningsplan og besøksforvaltning har dessverre stoppa opp pga eit heilt års vakanse i forvaltarstillinga på vestsida. Også informasjonstiltak som ein skulle gjennomføre saman med Norsk fjellsenter vart sett på vent som følgje av bemanningssituasjonen.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til verdiskaping utan forringing av verneverdiane, og til å gje besøkande gode naturopplevingar. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for bærekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Brukarundersøkinga som vart utført i 2019 vil kunne bidra til å avdekke kva tiltak som er særleg etterspurt av brukarane. Rapport frå undersøkinga er under arbeid, og vil bli presentert i neste styremøte.

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikkar eller lengre tur inn mot nasjonalparken. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn. Sentrale punkt får utplassert ferdseletjarar for å kunne følgje utviklinga over tid.

Pilotprosjekt, avslutning

Pilotsatsinga for implementering av den nye merkevaren er avslutta, og Jotunheimen kan si seg tilfreds med resultatet. Glastavlene er ikkje av bra nok kvalitet, og det er reklamasjon som Miljødirektoratet vil følgje opp. Den samla tilrettelegginga langs Fv. 55 gjev eit synleg og godt døme på den nye merkevaren, med utkikkspunkt Sognefjellet og startpunkta Turtagrø og Krossbu. Mange besøkande frå inn- og utland er interesserte i å koma til synfaring. Gangbrua over Fantesteinvatnet vart tildelt Stålkonstruksjonsprisen for 2019.

Vidare arbeid med utvida informasjon retta mot dei reisande på vegstrekninga blir også vurdert. Det er ønskjeleg å få på plass eit informasjonspunkt med namn på fjellrekkene som ein ser frå utsiktstoppen i tilknytning til den opparbeidde turen i tilknytning til utkikkspunktet ved Sognefjellshytta. Frå toppen ser ein mot Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken. Ved Krossbu ligg det svært godt til rette for geologivandring inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling.

Ein vil også vurdere om baksidene av dei store ståltavlene kan nyttast til meir informasjon eller dekor. Turtagrø har ønskt å få eit blikkfang også på den sida som dei ser oppe frå tunet på turisthytta, og også frå inngangen til Krossbu ser ein berre baksidene av skilta.

Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar om verneområda kan bidra i marknadsføringa og verdiskaping. Fokus på bestemte område kan også ha kanaliseringseffekt framfor område som blir mindre profilert.

Ein følgjer opp spørsmål om nasjonalparkinformasjon ved nytt informasjonspunkt på Beitostølen i samarbeid med Øystre Slidre kommune.

Det er ønskjeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleplasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med når ein får betre kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, bør det satsast meir på digital presentasjon av opplevingar i verneområda. Nettside med ny design kjem på plass.

Informasjonssenter er eit tredje element i informasjonen. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak som geologisti og liknande kan prioriterast høgare når revisjon av forvaltningsplanen er fullført.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i forvaltningsplanarbeidet. Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsbakgrunn for revisjon av forvaltningsplanen, men det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. Det er t.d. ønskjeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande.

Brukarundersøking

Brukarundersøkingar for Jotunheimen har tidlegare vore gjennomført i 1992, 2002 og 2010. Brukarundersøking 2019 blir analysert og munnar ut i sluttrapport frå forskninga i 2020.

MIDLER TIL TILTAK I VERNEOMRÅDER (KAP 1420 POST 31) - 2020

Organisasjonsnummer: 974761645

Foretaksnavn: Fylkesmannen I Innlandet

Adresse: Gudbrandsdalsvegen 186, 2619 LILLEHAMMER

E-postadresse: fmopksv@fylkesmannen.no

Utfyller

Navn: Kari Møyfrid Sveen

Telefonnummer: 94880564

E-postadresse: karisveen@hotmail.com

Mottaker: Miljødirektoratet

SØKNAD

REFERANSENR.: 20SDF546

Tiltak

Er søker verneområdeforvalter eller fylkesmann? Verneområdeforvalter

| Oversikt over alle tiltak | | | | | | |
|---------------------------|--|--------------------------------|--|--|----------------|---------|
| Pri. | Navn | Tiltakskategori | Tiltakstype | Verneområde | Øk. ansvarlig | Beløp |
| 1 | Utsiktsplattform Vettisfossen, forprosjekt | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av publikumsanlegg (utkvikks-/fugletårn) | Utladalen landskapsvernområde (VV00000706) | Forvaltningsm. | 200 000 |
| 2 | Startpunkt Utladalen - Nye informasjonstavler m.m. | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av skilt og/eller infotavle | Utladalen landskapsvernområde (VV00000706) | Forvaltningsm. | 300 000 |
| 3 | Vedlikehold av stinettet i Jotunheimen / Utladalen | Tilrettelegging og informasjon | Opparbeide sti/kanalisering | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Forvaltningsm. | 500 000 |
| 4 | Eidsbugarden - nytt startpunkt mot nasjonalparken | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av skilt og/eller infotavle | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Forvaltningsm. | 150 000 |
| 5 | Fornyng av informasjonstavler til nytt design | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av skilt og/eller infotavle | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Forvaltningsm. | 30 000 |
| 6 | Utsiktspunkt ved innfallsport Sognefjellshytta | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av publikumsanlegg (utkvikks-/fugletårn) | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Forvaltningsm. | 100 000 |
| 7 | Temabrosjyre dyre- og planteliv | Tilrettelegging og informasjon | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Forvaltningsm. | 50 000 |
| 8 | Nettside med ny design | Tilrettelegging og informasjon | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Forvaltningsm. | 50 000 |

| | | | | | | |
|----|--|-----------------------------|--------------------------------------|--|----------------|------------------|
| 9 | Slått på Skåri, Avdalen, Vetti (heimre Utladalen) | Slått | Engslått | Utladalen landskapsvernområde (VV00000706) | Lokalt SNO | 240 000 |
| 10 | Styrt beite på Skåri, Avdalen, Vetti (Utladalen) | Beiting og lyngbrenning | Beiting- og/eller gjerding for bufe | Utladalen landskapsvernområde (VV00000706) | Lokalt SNO | 160 000 |
| 11 | Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald styving | Skjøtsel av (tre)vegetasjon | Styving av enkelttrær | Utladalen landskapsvernområde (VV00000706) | Lokalt SNO | 85 000 |
| 12 | Krattrydding/vedlikehald Guridalen | Skjøtsel av (tre)vegetasjon | Rydding av trær/busker/kratt | Utladalen landskapsvernområde (VV00000706) | Lokalt SNO | 30 000 |
| 13 | Styrt beite ved Gjendebru (storfe) | Beiting og lyngbrenning | Beiting- og/eller gjerding for bufe | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Lokalt SNO | 60 000 |
| 14 | Vegetasjonsrydding Gjendebruområdet | Skjøtsel av (tre)vegetasjon | Rydding av trær/busker/kratt | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Lokalt SNO | 15 000 |
| 15 | Styrt beite ved Gjendebru (geit) | Beiting og lyngbrenning | Beiting- og/eller gjerding for bufe | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Lokalt SNO | 25 000 |
| 16 | Oppfølging/drift av tidlegare tiltak | Annet | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Forvaltningsm. | 15 000 |
| 17 | Ferdselsteljarar | Kartlegging | Annen kartlegging | Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869) | Lokalt SNO | 5 |
| | | | | | | 2 010 005 |

Utsiktsplattform Vettisfossen, forprosjekt

Prioritet: 1

Navn på tiltaket: Utsiktsplattform Vettisfossen, forprosjekt

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av publikumsanlegg (utvikks-/fugletårn)

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 200 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Eksisterande utsiktsplattform er i svært dårleg forfatning, og må enten fjernast eller fornyast. Forprosjektet tek sikte på å avklare geologi og geotekniske forhold, og på grunnlag av dette skissere og kostnadsrekne ny konstruksjon på staden. Den nye konstruksjonen må vektleggje både sikring, estetikk/merkevare og naturoppleving. Gjennom forprosjektet vil ein også søke medfinansiering frå andre aktørar.

Startpunkt Utladalen - Nye informasjonstavler m.m.

Prioritet: 2

Navn på tiltaket: Startpunkt Utladalen - Nye informasjonstavler m.m.

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av skilt og/eller infotavle

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 300 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Fjerning av gamle tretavler og oppsetting av nye informasjonstavler i tråd med designmanual

- Utladalen/Hjelle, oppfølging av forprosjekt frå Utladalen Naturhus.

Nye tavler i cortenstål på parkeringsplass

Ny tavle ved Naturhuset

Øvrig informasjon på strekninga Hjelle-Vetti, i tråd med forprosjekt

Vedlikehold av stinettet i Jotunheimen / Utladalen

Prioritet: 3

Navn på tiltaket: Vedlikehold av stinettet i Jotunheimen / Utladalen

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Opparbeide sti/kanalisering

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 500 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Vedlikehold av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Prioritering av tiltak etter tildeling

- Kanalisering og erosjonssikring av parti på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen
- Kanalisering og sikring av Besseggenstigen ved Bandet
- Vedlikehold og førebyggjande tiltak på plassar med erosjon; m.a. mot Vettisfossen

Eidsbugarden - nytt startpunkt mot nasjonalparken

Prioritet: 4

Navn på tiltaket: Eidsbugarden - nytt startpunkt mot nasjonalparken

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av skilt og/eller infotavle

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 150 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Nei

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Eidsbugarden nytt startpunkt med informasjonstavler nytt design
- Eidsbugarden, ny tavle ved innfallsport - inkl. infopunkt ved Fv. 53
- Bygdin, ved båtbygga, ny plakat på eksisterende stativ

Fornyning av informasjonstavler til nytt design

Prioritet: 5

Navn på tiltaket: Fornyning av informasjonstavler til nytt design

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av skilt og/eller infotavle

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 30 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Fornyning av informasjonstavler til nytt design

- Spiterstulen, ny plakat på eksisterende skifertavle

- Leirvassbu, ny plakat på eksisterende skifertavle

Utsiktspunkt ved innfallsport Sognefjellshytta

Prioritet: 6

Navn på tiltaket: Utsiktspunkt ved innfallsport Sognefjellshytta

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av publikumsanlegg (utvikks-/fugletårn)

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 100 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Sikteskive eller tavle med navn på toppane når du ser mot fjellmassiva Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken -
frå utsiktstoppen sør for Fantesteinvatnet

Temabrosjyre dyre- og planteliv

Prioritet: 7

Navn på tiltaket: Temabrosjyre dyre- og planteliv

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 50 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Nei

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Temabrosjyre dyre- og planteliv i Jotunheimen og Utladalen

Nettside med ny design

Prioritet: 8

Navn på tiltaket: Nettside med ny design

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 50 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Vidareutvikle nettside retta mot publikum

Slått på Skåri, Avdalen, Vetti (heimre Utladalen)

Prioritet: 9

Navn på tiltaket: Slått på Skåri, Avdalen, Vetti (heimre Utladalen)

Tiltakskategori: Slått

Tiltakstype: Engslått

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 240 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

Beskrivelse av tiltaket:

Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)

Vidareføring av etablert skjøtsel

Styrt beite på Skåri, Avdalen, Vetti (Utladalen)

Prioritet: 10

Navn på tiltaket: Styrt beite på Skåri, Avdalen, Vetti (Utladalen)

Tiltakskategori: Beiting og lyngbrenning

Tiltakstype: Beiting- og/eller gjerding for bufe

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 160 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

Beskrivelse av tiltaket:

Beiting. Tilsyn, transport og gjerdeknader.
Vidareføring av etablert skjøtsel

Styving/risning av alm og lind. Vedlikehold styving

Prioritet: 11

Navn på tiltaket: Styving/risning av alm og lind. Vedlikehold styving

Tiltakskategori: Skjøtsel av (tre)vegetasjon

Tiltakstype: Styving av enkelttrær

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 85 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

Beskrivelse av tiltaket:

Styving/risning av alm og lind, Utladalen. Både vedlikehold av eldre styvingstre og supplering der eldre tre går ut.

Styvingstrea gjev rom for mange insekt og lav- og moseartar.

Vidareføring av etablert skjøtsel

Krattrydding/vedlikehold Guridalen

Prioritet: 12

Navn på tiltaket: Krattrydding/vedlikehold Guridalen

Tiltakskategori: Skjøtsel av (tre)vegetasjon

Tiltakstype: Rydding av trær/busker/kratt

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 30 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

Beskrivelse av tiltaket:

Krattrydding for vedlikehold av kulturlandskap i Guridalen. Samarbeid med beiteinteressene i området.

Vidareføring av etablert skjøtsel

Styrt beite ved Gjendebu (storfe)

Prioritet: 13

Navn på tiltaket: Styrt beite ved Gjendebu (storfe)

Tiltakskategori: Beiting og lyngbrenning

Tiltakstype: Beiting- og/eller gjerding for bufe

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 60 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

Beskrivelse av tiltaket:

Styrt beite ved Gjendebu (storfe). Transport og tilrettelegging for å sikre fortsatt beitebruk og halde kulturlandskap med slåttekve i hevd. Samarbeid med Storådalen beitelag.

Vidareføring av etablert skjøtsel, i samsvar med plan og evalueringsrapport utarbeidd av Miljøfaglig Utredning

Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet

Prioritet: 14

Navn på tiltaket: Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet

Tiltakskategori: Skjøtsel av (tre)vegetasjon

Tiltakstype: Rydding av trær/busker/kratt

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 15 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

Beskrivelse av tiltaket:

Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet. Rydde kratt og bjørkeskog på og rundt seterkvea, i tråd med skjøtelsplanen.

Samarbeid med Storådalen beitelag

Vidareføring av etablert skjøtsel

Styrt beite ved Gjendebu (geit)

Prioritet: 15

Navn på tiltaket: Styrt beite ved Gjendebu (geit)

Tiltakskategori: Beiting og lyngbrenning

Tiltakstype: Beiting- og/eller gjerding for bufe

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 25 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

Beskrivelse av tiltaket:

Styrt beite ved Gjendebu (geit), for å hindre oppslag av småkratt der det blir rydda. Kostnad hovudsakleg knytt til transport og gjerdehald.

Vidareføring av etablert skjøtsel

Oppfølging/drift av tidlegare tiltak

Prioritet: 16

Navn på tiltaket: Oppfølging/drift av tidlegare tiltak

Tiltakskategori: Annet

Tiltakstype: Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 15 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

Beskrivelse av tiltaket:

Det er enkelte tilretteleggingstiltak som medfører driftskostnader:

Tømming av toalett ved parkeringsplass ved Glitterheimsvegen. Toalett oppført av forvaltninga i 2011 - behov for dekning av årlege

driftskostnader, eventuelt stenging/fjerning av anlegget.

Skilt eller andre element som blir skada må skiftast ut eller fjernast når skade oppstår.

Ferdselsteljarar

Prioritet: 17

Navn på tiltaket: Ferdselsteljarar

Tiltakskategori: Kartlegging

Tiltakstype: Annen kartlegging

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre ordninger? I så fall hvilke?

Omsøkt beløp: Kr 5

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?

Beskrivelse av tiltaket:

Vi har dei seinare åra hatt 3 ferdselsteljarar av typen trakkmatte i Jotunheimen.

Ein av teljarane er disponert ved ny innfallsport Sognefjellshytta for å måle ferdsel før og etter tilrettelegging. Måling i 2019 og 2020 vil vise ferdsel etter fullført tilrettelegging.

Det var teljar i stien frå Visdalen mot Galdhøpiggen i 2018, og ein ønskjer tal for minst to år her. Det er kanalisering- og erosjonstiltak under arbeid på strekninga.

Det var teljar på Knutshøe i 2015-2016, men trafikken har dei siste åra auka sterkt, delvis som følge av sterk marknadsføring av turen i aviser og sosiale media. Derfor aktuelt å telle på nytt for å få talfesta auken.

Telling i Utladalen viktig for å talfeste trafikken innover Folkevegen. Verdifullt talmateriale i samband med vurderingar knytt til sykling m.m.

Vi har stor trafikk fleire plassar i Jotunheimen, og teljarane gjev oss svært verdfull informasjon til bruk i forvaltninga. Vi har derfor behov for å behalde dei tre teljarane med trakkmatter også i 2020, og utvide med 2 nye. Det er behov for nye batteri til dei eksisterande teljarane.


Vi kunne også godt tenkt oss ein teljar av typen fotocelle i tillegg til dei 5 trakkmatterne, for utplassering på Juvflye mot Klimaparken. Målet er å få ein "totaloversikt" over bruken av området mot Galdhøpiggen. Spørsmålet er derfor om vi kan få disponere enda ein teljar, men denne av typen med fotocelle for å registrere ferdselen på den tilrettelagte stien i klimaparken. Det går ikkje an på nytte trakkmatte på denne lokaliteten.

Vedlegg

Ingen vedlegg

Merknad:

Ingen merknad

 Kari Møyfrid Sveen for Fylkesmannen I Innlandet

Leverert 08.01.2020

Midler til tiltak i verneområder (kap 1420 post 31) - 2020

| Pri. | Navn | Status | Innvilget beløp | Øk. ansvarlig | Kommentar |
|------------|--|--------|-----------------|-----------------------|-----------|
| 1 | Utsiktsplattform Vettisfossen, forprosjekt | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 2 | Startpunkt Utladalen - Nye informasjonstavler m.m. | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 3 | Vedlikehold av stinettet i Jotunheimen / Utladalen | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 4 | Eidsbugarden - nytt startpunkt mot nasjonalparken | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 5 | Fornyng av informasjonstavler til nytt design | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 6 | Utsiktspunkt ved innfallsport Sognefjellshytta | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 7 | Temabrosjyre dyre- og planteliv | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 8 | Nettside med ny design | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 9 | Slått på Skåri, Avdalen, Vetti (heimre Utladalen) | | | Lokalt SNO | |
| 10 | Styrt beite på Skåri, Avdalen, Vetti (Utladalen) | | | Lokalt SNO | |
| Antall: 19 | | | 1 615 000 | | |

Midler til tiltak i verneområder (kap 1420 post 31) - 2020

| Pri. | Navn | Status | Innvilget beløp | Øk. ansvarlig | Kommentar |
|------------|---|--------|-----------------|-----------------------|-----------|
| 11 | Styving/risning av alm og lind. Vedlikehald styving | | | Lokalt SNO | |
| 12 | Krattrydding/vedlikehald Guridalen | | | Lokalt SNO | |
| 13 | Styrt beite ved Gjendebru (storfe) | | | Lokalt SNO | |
| 14 | Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet | | | Lokalt SNO | |
| 15 | Styrt beite ved Gjendebru (geit) | | | Lokalt SNO | |
| 16 | Oppfølging/drift av tidlegare tiltak | | | Forvaltningsmyndighet | |
| 17 | Ferdselsteljarar | | | Lokalt SNO | |
| 18 | Pott | OK | 1 000 000 | Forvaltningsmyndighet | Pott |
| 19 | Pott Lokalt SNO | OK | 615 000 | Lokalt SNO | |
| Antall: 19 | | | 1 615 000 | | |

Behovsinnmelding fylkesmannen - 2020

| Navn | Status | Innvilget beløp | Kommentar |
|---|------------------|-----------------|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | Delvis innvilget | 350 000 | |
| Forv.plan/besøksstrategi Jotunheimen og Utladalen | Innvilget | 200 000 | |
| Skjøtselsplan Utladalen | Innvilget | 150 000 | inkl 50000 kr til nettside som ble omsøkt på post 1420.31 (tiltaksmidler) |
| | | 700 000 | |

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2019/21597-8

Saksbehandlar: Johannes Pøhmer Skahjem

Dato: 10.03.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 10/2020 | 18.03.2020 |

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2023 - Snøskuter - Røde Kors Luster Hjelpekorps

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev medhald av naturmangfaldlovas § 48, jf. verneforskriftene for Jotunheimen NP og Utladalen LVO, Luster Røde Kors Hjelpekorps løyve til bruk av snøscooter for vurdering av skredfare, i samsvar med søknaden.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld inntil fire turar med inntil 2 snøscooterar på ruta Turtagrø – Ringsdalen i perioden 1.-31. mai 2020-2023.
- Hjelpekorpsset bør vurdere samla omfang av turar i øvingsplanen nøye
- Ferdsel i desse områda krev omsyn til villrein. Reinens behov for ro og avstand skal respekterast.
- Løyvet skal berre nyttast ved reelt behov for vurdering av skredfaren.
- Snøscooterar tilhøyrande korpset eig skal vere merka med organisasjonen sin logo. Dersom det vert brukt andre snøscooterar som hjelpekorpsset disponerer, skal desse merkast slik at det går fram at dei er i hjelpekorpsset si teneste.
- Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, slik at øvingsleiar kan vise denne ved eventuell kontroll.
- Lokalt SNO, Rigmor Solem, skal varslast ved e-post rigmor.solem@miljodir.no eller SMS til 959 65 158.
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter øvinga, og seinast innan 30. juni kvart år.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad oversendt frå Luster Røde Kors Hjelpekorps 05.03.2020.
- Uttale frå Vest-Jotunheimen Villreinutval og Villreinnemnda for Sogn og Fjordane
- Retningslinjer om redningstenestenes bruk av snøscooter i utmark og i verneområder utarbeidd i samarbeid mellom Miljøverndepartementet og Justisdepartementet.

Saksopplysningar

Luster Røde Kors Hjelpekorps har lagt fram øvingsplan med behov for kjentmannskøyering og øvingar i perioden 2020-2023. Ved delegert vedtak på vegne av Nasjonalparkstyret er det gitt løyve til kjentmannskøyering for Luster Røde Kors Hjelpekorps, i samsvar med øvingsplan tilrådd av Vest Politidistrikt for åra 2020-2023, vedtak av 24.01.2020.

Luster Røde Kors Hjelpekorps har sendt inn ein tilleggssøknad om bruk av snøscooterar i forbindelse med vurdering av snøskredfaren i Ringsdalen i mai månad for same planperiode. Luster RK opplyser at det er behov for å vurdere skredfaren for egne mannskaps sikkerheit.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Det er i nasjonalparken og landskapsvernområde forbod mot motorferdsel – jf. verneforskrifta § 3, pkt. 6.1. Reviderte forskrifter av 14.11.14 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon i medhald av § 3 pkt. 6.3.a): *Øvingskøyering for formåla som er nemnde i pkt. 6.2 a).*

Pkt. 6.2 a) omfattar følgjande: «*Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyering.*»

Turane i mai er ikkje med i det som ligg til grunn for delegert vedtak 24.01.2020 om øvingsplan. Vurdering av skredfare er ikkje direkte knytt til øvingskøyering og bør derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen, dvs. nml § 48.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Ringsdalen ligg i ei vernesone utan tilrettelegging og inngrep, teig 4. Her er det få spor av nyare inngrep, og det er ønskjeleg i framtida å halde områda utan inngrep. Å kunne oppleve naturen sine eigne lydar og stillheit, utan (motor)støy er ein viktig kvalitet i dette området.

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er mange hjelpekorps som soknar til Jotunheimen og Utladalen og dei har i prinsippet kvar sin «primærteig» med utgangspunkt i dei mest nytta utfartsområda som soknar til verneområda. Fjellområdet er utsett for ver og vind, og særleg Ringsdalen er utsett for

snøskred i forbindelse med friluftsliv. Før moglege redningsaksjonar kan hjelpekorpsa ha behov for å sjekke snøskredfaren for egne mannskaps sikkerheit.

Vurdering

Jotunheimen er eit viktig friluftsområde, med god infrastruktur i form av kvista løyper og turisthytter. Tradisjonelt har påska vore viktigaste utfartsperioden vinterstid, men ein ser tendens til auka turaktivitet i mai månad. Den frivillige redningstenesta er viktig for sikkerheita til folk på tur, og korpsa har behov for å gjera skredvurderingar for egne mannskaps sikkerheit.

Forvaltningsstyremakta skal etter retningslinjene vurdere om søknadane «...ikke er i strid med vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...» og det må takast utgangspunkt i verneformåla i formålsparagrafen (§ 1) for det aktuelle verneområdet: «Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi

....

Allmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Friluftsliv er ein del av verneformålet for verneområdet, og den frivillige redningstenesta er viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Hjelpekorpsa har behov for å vurdere skredfaren i eit område kor det er sannsynleg at dei vil gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdraget på ein effektiv måte og for å sikre egne hjelpemannskap. Vinter og vår er generelt ei sårbar periode for faunaen i høg fjellet. Nokre artar er særleg utsette, detta spesielt villreinen.

Det er viktig å vurdere omfang av ferdsel og auka grad av forstyrning – jf. naturmangfaldlovas §10 – økosystemtilnærming og samla belastning. Kjentmannskøyeringa er del av samla belastning, og ved å setja vilkår om å avgrense tidsperioden for scooterkøyering vert forstyrninga redusert (§ 9 i nml om føre-varprinsippet). I Uttale frå Vest-Jotunheimen Villreinutval og Villreinnemnda for Sogn og Fjordane er det meldt oppfatning om at aktivitet i Ringsdalen i mai månad det ikkje vil gje vesentleg konflikt med villrein. Generell trening med skuter er viktig for å meistre ulike forhold i fjellet, men slik trening skal leggst utanfor verneområdet – jf. retningslinjer fastsett av Miljøverndepartementet og Justisdepartementet i felles retningslinjer frå 2013.

Konklusjon:

Turtagrøområdet og Hurrungane vert vurdert å vera blant Luster Røde Kors Hjelpekorps sine viktige områder for utrykking. Skredfarevurderinga i Ringsdalen i mai månad vil ikkje gje vesentleg konflikt med villrein. Hjelpekorpsset skal likevel være observante og vike unna om de møter villrein i området. Luster Røde Kors hjelpekorps har utarbeidd ein øvingsplan som viser vinteraktivitet gjennom året for perioden 2020-2023. Ein fleirårig plan reduserer papirarbeidet knytt til godkjenning av søknader. Før neste øvingsplanperiode bør Luster Røde Kors hjelpekorps sørge for at all nødvendig virksamheit er tatt med i søknad og

øvingsplan som sendast til godkjenning. Dersom politiet sendar kopi av køyreordre til nasjonalparkforvaltar og SNO, vil ein unngå meirarbeid med varsling og rapportering frå hjelpekorpsa.

Arkivsaksnummer: 2020/1332-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 10.02.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 11/2020 | 18.03.2020 |

Jotunheimen NP - dispensasjon - 2020 - 2023 - Besseggløpet - Besseggen Fjellpark AS v/ Tor Erik Moen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.2, får Besseggen Fjellpark v/ Tor Erik Moen løyve til vidareføring av arrangementet Besseggenløpet for perioden 2020-2023, på same vilkår som tidlegare:

1. Arrangementet skal gjennomførast over ein dag innan utgangen av juni, og deltakartalet skal tilpassast det tradisjonelle friluftslivet og annan bruk av området. Nasjonalparkforvaltar skal ha melding om tidspunkt i god tid før gjennomføring, og seinast innan utgangen av april kvart år.
2. Merking er lov der det trengst for å sikre at løparane held seg til den T-merka stien (samarbeid med Statens naturoppsyn). Merkinga skal fjernast same dag som løpet vert arrangert.
3. Det er ikkje lov med bruk av motorkøyretøy innafor verneområdet i samband med arrangementet, utover den eine båten Vågå Røde Kors har behov for på Gjende. Vågå Røde Kors får av beredskapsomsyn under dette spesielle arrangementet dispensasjon for å nytte eigen båt med større motor enn det som verneforskrifta opnar for, jf. vurdering og vilkår i sak 27/2013.
4. Deltakarane skal følgje den merka stigen. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltakarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire deltakarar samtidig enn at dei kan halde råket opp frå Memurubu. For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar i løpet.
5. Dersom alternativet med traseen langs Gjende blir nytta, gjeld følgjande vilkår her: På dei smalaste partia over bergehamrane langs stigen Gjende må det plasserast vakter som styrer trafikken etter stigen, for å hindre vegetasjonsslitasje på sidene og for å unngå farlege situasjonar ved møte eller passering av turfolk.
6. Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i ein nasjonalpark og kva reglar som gjeld for mellom anna for forsøpling. Arrangør er ansvarleg for førebyggjande tiltak mot forsøpling og for at området vert rydda. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og eventuell søppel fjernast.

7. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste innan nasjonalparken skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet, og skal ikkje følgjast opp med musikk over høgtalaranlegg.
8. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-10 om føre-var-prinsippet og samla belastning og § 11 som fastslår at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*».
9. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/ sekretariatet innan 1. september. Rapporten skal beskrive gjennomføringa av arrangementet opp mot dei vilkår som er sett i løyvet.
10. Nasjonalparkforvaltninga kan kalle inn representantar frå arrangøren og naturoppsynet til årlege evalueringsmøte etter behov, og seinast når deltakartalet når den tidlegare avgrensinga på 300 deltakarar. Det blir også kalla inn til møte dersom oppsynet ser behov, eller om ein får tilbakemeldingar som kan tyde på at tolegrensa nærmar seg når det gjeld naturbelastning og/eller omsyn til andre brukargrupper.
11. Forvaltningsplanen må oppdaterast på punkt som gjeld tilhøvet til større arrangement innan verneområdet.
12. Eventuelle behov for tilpassingar som kan bli påpeika av Statens Naturoppsyn eller andre skal vurderast av nasjonalparkforvaltar, og leggjast fram for styret.

Vedtaket er fatta ut frå ei totalvurdering i forhold til verneformålet, andre brukargrupper og målsetting om auka verdiskaping knytt til bruk av verneområda.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad av 24.01.20 frå Tor Erik Moen om vidareføring av Besseggløpet 2020-2023
2. Tidlegare saksdokument knytt til Besseggløpet:
 - Dispensasjon frå verneforskrifta for perioden 2011-2013
 - Miljøverndepartementet - Avgjerd i klagesak om avgrensing av deltakartalet (2013)
 - Dispensasjon frå verneforskrifta for perioden 2014-2016
 - Dispensasjon frå verneforskrifta for perioden 2017-2019
 - Årlege rapportar frå arrangøren, i tråd med vilkår for tidlegare løyve

Saksopplysningar

I 2011 vart det teke opp att ein tradisjon frå 1960-åra med arrangement av Besseggløpet. Det vart første gjeve løyve for 2011-2013 med eit avgrensa deltakartal med inntil 300, og i sak vart det gjeve løyve for ny periode frå 2014 til 2016. Vilkår om maksimalt deltakartal vart da teke bort, etter tilråding frå Miljøverndepartementet i brev av 19.09.13 om å vurdere dette punktet på nytt.

Løpet følgjer det ordinære Besseggråket, og har deltakarklasse både for konkurranse og mosjon. Besseggen Fjellpark v/ Tor Erik Moen arrangerer løpet i samarbeid med Vågå IL og Vågå Røde Kors Hjelpekorps. Vidare er det tett samarbeid med Gjendebåten og DNT.

Søknad om løyve for Besseggløpet:

«Besseggløpet har vore arrangert hvert år siden 2011. Dette er i tråd med løyve gjeve av Fylkesmannen, det er levert årlege rapportar for løpet. Tidlegare var løpet arrangert i 1961, 1962 og 1963. Det var med bakgrunn i dette at det vart starta opp att i 2011.

Det er ynskje om å fortsetja å utvikle Besseggløpet til å vera eit årleg arrangement. Vi søker derfor om nytt løyve, gjeldande frå 2020. Løpet skal gå etter den ordinære Besseggløypa, og ha klasse både for konkurranse og mosjon. Vi ynskjer også å ha eit alternativ langs Gjende, (stranden).

Vi meiner at vi i løpet av desse åra har gjort god erfaring som gjer at det er enklare å arbeide vidare. Vi føler at vi har god kontroll på det arrangementstekniske, etter godt samarbeid med Vågå Røde Kors Hjelpekorps og Vågå IL alle tre åra. Vi har opparbeidd goodwill og kontaktflate som er til å byggje vidare på. Det er svært gode tilbakemeldingar frå deltakarar, det same opplever vi gjeld publikum både langs løypa og i start- og målområdet.

Vi hadde første året ein uheldig situasjon da ein løpar sprang seg vekk, etter dette har vi fått merke løypa og har unngått dette. Det er heilt nødvendig for sikkerheita å fortsatt kunne gjera det. Vi har brukt merkeband av papir som har vorte fjerna same dag.

Når det gjeld antal deltakarar har det hittil ikkje vore over 200. Det er for lite til at det blir økonomisk interessant for arrangør, bedrifter og samarbeidspartar. Men vi trur løpet har potensiale til å bli tilstrekkeleg stort til at det blir sett på som interessant for alle partar. Derfor ber vi om at ei talfesta grense på deltakartalet ikkje blir ei hindring i så måte. Det er kapasiteten på Gjendebåten som er den største begrensande faktor for talet på deltakarar. Det blir ikkje fleire deltakarar enn det båten kan handtere.

Vi kan ikkje sjå at løpet er til hinder for verneformålet for nasjonalparken, og er innstilt på å samarbeide godt for å halde arrangementet i tråd med forskrifter for parken. Viser også til signal og føringar frå sentralt der ein trekkjer fram nasjonalparkane som grunnlag for næringsutvikling – jfr for eksempel sist framlagte reiselivsstrategi og arbeid med verdiskaping initiert av MD.

Dei to første åra hadde vi startnummer berre i konkurranseklassa. Dette såg vi vart problematisk i forhold til å ha oversikt over folk i løypa, kven som hørde til i løpet og kven som var vanlege turistar. Nå i år brukte vi startnummer på alle, og det ser vi er ein stor fordel. Det ynskjer vi å kunne fortsette med.

Vi trur potensialet er størst i mosjonsklassa, desto viktigare er det å ha god merking på desse. Det vil ikkje bli tidtaking med brikker på mosjonistane. Alle åra har vi hatt profesjonell tidtaking ved Emit; dvs at deltakarane i konkurranseklassa har hatt startbrikker. Det er siste halvdel av juni som er aktuell. Eit løyve som gjev rom for to-tre datovalg i juni vil gje arrangør tilstrekkeleg handlingsrom.

Vi ber om at det blir gjeve fleirårig løyve. Dette for å kunne planlegge arrangementet langsiktig, spesielt med tanke på sponsorar og andre samarbeidsaktørar.

Vi viser til informasjon på heimeside og Facebook; www.bessegglopet.no

--

Med bakgrunn i denne søknaden og innsendte rapportar ber vi om at det blir gjeve nytt løyve for Besseggløpet.»

Rapportane frå løpa i 2011-2015 har vist eit moderat deltakartal på 70-100, og deretter ein liten oppgang frå 2016:

| Løpsdato/år | 18/6 2011 | 23/6 2012 | 29/6 2013 | 28/6 2014 | 27/6 2015 | 25/6 2016 | 24/6 2017 | 23/6 2018 | 22/6 2019 |
|-------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Konkurranseklasse | 72 | ca 70 | 58 | 50 | 46 | 89 | 94 | 108 | 116 |
| Mosjonsklasse | 21 | ca 30 | 14 | 40 | 38 | 47 | 33 | 39 | 55 |
| Totalt | 93 | ca 100 | 72 | 90 | 84 | 136 | 127 | 147* | 171 |

* Påmeldte var 122 i konkurranseklasse og 44 i mosjon, så det er noen som ikkje møter opp.

Arrangementet har altså ikkje vore i nærleiken av den øvre grensa for deltakartal som vart sett frå starten i 2011, og i vurdering i sak . Det er søkt om vidareføring etter same opplegg som før, med gjennomføring i løpet av juni månad.

I 2017 vart det godkjent utviding av løypetraseen for Besseggenløpet til også å omfatte stigen langs stranda mellom Gjendesheim og Memurubu for dei som ikkje ønskte den meir krevjande turen over Besseggen. Det vart da sett følgjande tilleggsvilkår til pkt. 4 i dispensasjon gjeve i sak 6/2017 i nasjonalparkstyret: *«På dei smalaste partia over bergehamrane langs stigen mellom Gjendesheim og Memurubu må det plasserast vakter som styrer trafikken etter stigen, for å hindre vegetasjonsslitasje på sidene og unngå farlege situasjonar ved møte eller passering av turfolk.»*

Traseen har til nå ikkje vorte brukt i løpet; jf. rapportar 2017-2019: *«Ingen mosjonistar gjekk langs vatnet, alle over Besseggen. Konkurransklassa kun over Besseggen.»*

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneforskrift

§ 3, pkt. 5.2 om organisert ferdsel:

«Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.»

Forvaltningsplan

I framlegg til forvaltningsplan frå 2008 er konkurransar definert som organisert ferdsel som krev dispensasjon frå verneforskrifta. Forvaltningsplanutkastet har slik føring for organisert ferdsel: *«Følgjande punkt definerer når det må søkjast om særskilt løyve til organisert ferdsel (turar) til fots eller på ski:*

- *Organisert ferdsel som omfattar meir enn 50 personar pr. tur. Langs merkte stiar er grensa 100 personar pr. tur*
- *---*
- *Større treningsopplegg, øvingar, jaktprøver, arrangement og konkurransar (sjå kap. 8.10) må ha særskilt løyve (sjå verneforskriftene).»*

Det er elles slike generelle føringar for konkurransar og arrangement i planutkastet frå 2008: *«Slike arrangement har mykje positivt ved at deltakarane er på tur i verneområda. Ulemper kan vere knytte til uroing av dyre- og fugleliv, andre folk på tur i området, og eventuell slitasje, og i tillegg eventuell bruk av motorferdsel for å kunne gjennomføre arrangementet. Det er gjeve løyve til desse arrangementa m.a. på vilkår av at det ikkje blir nytta motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid. At ein ikkje nyttar motoriserte hjelpemiddel skal og gjelde for andre tiltak det kan vere ønskjeleg å gjennomføre i samband med slike arrangement, t.d. pressedekning. Arrangementa i nasjonalparken må m.a.o. ikkje bli så store at arrangementet er avhengig av motorferdsel, og ikkje vere så store at dei vert uoversiktlege, då dette lett kan føre med seg slitasje og uro.- »*

Forvaltningsplanen er under revisjon. Besseggløpet er ikkje omtala i planutkastet frå 2008, men for arrangement generelt er det foreslått følgjande retningslinjer:

«Omfanget av arrangement (medrekna eventuell motorferdsel) må ikkje gå utover verneverdiar og verneformål og kome i konflikt med tradisjonelt friluftsliv.»

Besseggløpet har forankring i eit arrangement som hadde tradisjon i området frå før nasjonalparken vart oppretta, og ein har ingen negative erfaringar etter at løpet vart teke opp att i 2011.

Forvaltningsplanen bør supplerast med tydelegare retningslinjer basert på samla erfaringar med dei større arrangementa innan nasjonalparken, og dette må skje i samsvar med overordna strategiar i forvaltningsplanen. Følgjande element må vurderast:

- Naturgrunnlaget med flora og fauna (biologisk mangfald) og urørd (inngrepsfri) natur skal tilleggast særleg vekt
- Førre var-prinsippet: Forvaltninga må ha eit langsiktig perspektiv for å sikre naturverdiane i eit 200 års perspektiv. I fleire høve kan det vere tvil om eit tiltak enkeltvis eller saman med andre tiltak kan gå ut over verneformålet, og i slike høve skal tvilen koma naturkvalitetane til gode.
- Verdiane knytt til urørt natur, ro og stillheit skal sikrast. Unødig motorstøy skal unngåast
- Forvaltninga av verneområda må bygge på dialog og tillit.
- Friluftslivet er viktig for å gi folk gode naturopplevingar og å bli glad i naturen. Det tradisjonelle norske enkle friluftslivet som fotturar og skiturar skal prioriterast.
- Verksemdar skal kunne utviklast innafor ramma av verneformålet. Vernet skal vere langt fram i tid, og det er vanskeleg å sjå føre seg alle nye tilhøve som kan dukke opp. Verneforskriftene skal vera tilpassa føremålet med vernet og skal sikre naturverdiane i området. Aktivitetar skal alltid vurderast i forhold til vernet, ikkje omvendt.

Naturmangfaldlova

Alle dispensasjonar blir vurderte opp mot nml §§ 8-12.

Presedens

Følgjande arrangement/konkurransar har vore gjennomførte i verneområdet dei siste åra:

- Galdhøpiggen - telemarksrenn ved Galdhøpiggen (vår) Ikkje arrangert etter 2017
- Telemarksrenn på Dyrhaugsryggen (vår)
- Sykkel- og turløpet Fannaråken Duatlon (sommar)
- Nasjonalparkfestival i Utladalen og Årdal m/ Vettisløpet (vår)
- Motbakkeløp Galdhøpiggen (første gong 2008, ikkje arrangert etter 2014)
- High Camp ved Turtagrø (delvis innafor nasjonalparken, vår)
- Besseggenløpet – gammalt turløp som vart starta opp att i 2011.
- Jotunheimløpet, sledehundeløp, mars/april
- sak 52/2017 til Xreid Norway AS for løpet *Xreid 2018*
- Raid des Trolls en Norvège 13.-15. august 2019.

Det er stor interesse for ulike arrangement i verneområdet. I tillegg har ein noko aktivitet med TV-produksjonar som t.d. 71 grader nord. For å unngå uheldig presedensverknad er det viktig å kanalisere arrangement til robuste delar av verneområdet, og halde forstyringane knytt til arrangement på eit lågast mogleg nivå. Ved løyve til arrangement i Jotunheimen og Utladalen blir det lagt vekt på at det ikkje bør nyttast motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid og med full opprydding kort tid etterpå.

Vurdering

Besseggsløpet har vore arrangert i ni år, 2011-2019. Arrangøren søker om løyve for ny periode frå 2020-2023. Løpet følgjer Besseggstigen, ei trafikkert turstrekning. Ferdselteljar utplassert ved Vesleløyfte hadde registrerte passeringar i 2017-2019

Arrangøren har ved tidlegare høve gjeve uttrykk for at løpet må samle fleire deltakarar enn det ein har hatt til nå for at det skal vera økonomisk interessant, men er samstundes klar på at det tek tid å opparbeide eit kjent konsept. Besseggsløpet har ikkje vore i nærleiken av den øvre grensa på 300 deltakarar som var sett i starten. Frå 2014 vart taket på deltakartal fjerna. Så lenge arrangøren har eit godt organisert opplegg med eit tilfredsstillande apparat for å ta hand om løparane og rydde løypa same dagen som arrangementet blir avvikla, ser ein ikkje grunn for å operere med avgrensa deltakartal, men ein ønskjer ei evaluering når ein eventuelt kjem opp på 300 deltakarar.

Arrangement er lagt til ein "brukssone" i nasjonalparken, jf. utkastet til forvaltningsplan frå 2008. I denne brukssonen er det samstundes særleg mange andre brukarar, slik at gjennomføring av "Besseggenløpet" bør skje før høgsesongen for friluftslivet startar. Sidan arrangementet går langs merka sti, og med relativt få deltakarar, synest meirbelastninga i høve til naturverdiane å vera lite merkbar.


Det er også vanskeleg å sjå at det kan medføre meirbelastning på stiar o.a. i form av slitasje, så lenge dei ikkje kan nytte piggsko. Slitasjen blir som for ordinær turgåing. Det blir stilt vilkår om at deltakarane må halde seg til merka og tilrettelagde stigar, og at nødvendig merking for løpet blir fjerna straks etter arrangementet er over.

Miljøverndepartementet skriv ved avgjerd i klagesaka følgjande når det gjeld naturmangfaldlova:

«Etter departementets vurdering berører saken i liten grad naturmangfold. Departementet ser derfor ikke grunn til å gå nærmere inn på naturmangfoldloven §§ 8 til 12, jf. § 7.»

Løpet vert vurdert å ikkje gå ut over naturmangfaldet så lenge alle deltakarane følgjer den merka stigen. Vurderinga vil derfor i hovudsak gå på omsyn til andre brukarar, terrengslitasje / avbøtande tiltak og ei prinsipiell vurdering i høve til ulike arrangement i eit verneområde.

Større konkurranseprega arrangement kan av enkelte bli oppfatta som framandelement i parken, jf. brukarundersøking referert til i dokumentasjonsrapporten «*Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010*» – rapport nr. 7/2011:



Figur 45 Hvordan ville du som friluftslivutøver stille deg til følgende tiltak i verneområdet? - ny bruk av området

Dette er knytt til ei generell undersøking, og det blir i rapporten tilrådd at dette blir sjekka nærare gjennom brukarundersøking på staden. Forvaltninga har ikkje registrert konkrete tilbakemeldingar som bygger opp under desse haldningane når det gjeld Besseggløpet. Det er grunn til å tru at haldninga til konkurranseprega aktivitetar vil vera meir negativ på strekningar der forventninga om å oppleve stillheit og urørt natur er større enn når ein vel å gå Besseggen, som er den mest trafikkerte ruta i heile parken. Sjølv om ein ikkje registrert noko som tyder på mogleg konflikt med friluftssinteressene når det gjeld dette arrangementet, vil det likevel vera viktig å følgje utviklinga og vurdere eventuelle behov for tilpassingar – særleg dersom arrangementet samlar svært mange fleire deltakarar. Det er så langt ikkje negative tilbakemeldingar frå publikum eller registrert brot på vilkåra frå oppsynet.

Arrangementet vil ha positive ringverknader for lokalt næringsliv og kan også bidra til en positiv profilering av verneområdet.

I det vidare arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen må ein gjera ei totalvurdering av kor mange konkurransar/arrangement ein kan ha i nasjonalparken. Det bør her vektleggast at Besseggløpet og Galdhøpiggen er arrangement med ei historie frå før nasjonalparken vart oppretta som det kan vera interessant å ta vare på. Vidareføring eller gjenopptaking av tradisjonsrike arrangement kan også bidra til å styrke den lokale forankringa, og bør kunne vera eit kriterium for sortering av arrangement som ein ønskjer å ha i nasjonalparken dersom ein kjem til eit nivå der ein må prioritere.

For å ivareta verneverdiane og måla om langsiktig forvaltning, er det viktig at det blir stilt klare vilkår til gjennomføringa. Vilkår sett i tidlegare løyve vert tilrådd vidareført nokonlunde uendra. Det blir ikkje sett tak på deltakartal. I staden for vilkår om eit øvre deltakartal vil ein følgje opp prinsippa om samla belastning og føre-var-prinsippet (jf. naturmangfaldlova §§ 9-10) gjennom jamleg evaluering i samarbeid med Statens naturoppsyn og lokalt oppsyn, og fast årleg dialog med arrangørane. Dette vil vera i tråd med tilrådinga i rapport 7/2011 om brukarundersøkingar i høve til bruk av verneområdet til idrettsarrangement o.l. Naturmangfaldlovas § 11 (*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*) gjev heimel for å krevje medverknad ved eventuelt behov for reparasjon av terrengskader som følgjer av arrangementet. Nml § 12 blir ikkje vurdert som relevant her.

I tidlegare løyve er fokus på tryggleik ved arrangementet vurdert slik: *«Arrangøren bør være klar over at det vil være en sikkerhetsrisiko ved slike arrangement, og at dette aleine er arrangøren og deltakarane sitt ansvar. Arrangøren bør sette krav til at kvar deltakar har med seg nødvendig utstyr for å klare seg i en naudsituasjon i fjellet. Det vil ikkje bli anledning til å ha ein beredskap innafor nasjonalparken i form av helikopter eller andre motoriserte kjøretøy, ut over ein ekstra båt for Vågå Røde kors på Gjende. Raske veromslag i høgfjellet er dessutan faktorar som kan auke krav til beredskap og tryggleik, og gjere redningsaksjonar meir krevjande. Arrangøren må sjølv vurdere tryggleiken og behovet for å ha utplassert mannskap på aktuelle punkt langs ruta.»*

Bruk av Røde Kors sin båt på Gjende ligg inne i løyvet pkt. 3, og det er såleis aksept for bruk av båt med større motor enn det som gjeld i medhald av verneforskrifta. Båten fungerer som praktisk hjelpemiddel, samt ekstra beredskap. Behovet er synleggjort og vurdert i sak 27/13.

Deltakarane i konkurransen må få opplysningar om å ha naudsynt utstyr til å klare seg i høgfjellet. Det bør også etablerast baktropp som eit sikkerheits- og miløtiltak. Representantar for arrangøren som går bak siste løper skal sjå til at alle merkeband blir fjerna og at det ikkje ligg att søppel langs løypa.

Arkivsaksnummer: 2020/3536-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 09.03.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 12/2020 | 18.03.2020 |

Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020 - Ultraløp - Jotunheimen Ultimate Challenge

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i § 3 pkt. 5.2 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, dispensasjon til å arrangere løpet Jotunheimen Ultimate Challenge i månadsskiftet juni/juli 2020.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Løpstraseen skal følgje T-merka rute Glitterheim – Spiterstulen – Galdhøpiggen – Juvvasshytta.
- Det skal ikkje vera løypemerkning og reklame i verneområdet, ut over nødvendig merking av start på Glitterheim og sjekkpunkta Glittertinden, Galdhøpiggen og ved Styggebrean.
- Deltakarane og eventuelle tilskodarar skal gjerast kjende med at løpet går i eit verneområde, og at det skal takast særlege omsyn til naturmiljøet.
- For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar i løpet.
- Arrangøren må stille krav og kontrollere at deltakarane har med utstyr for å klare seg i fjellet under varierende værforhold.
- Eventuelt søppel som måtte følgje av arrangementet skal fjernast straks etter løpet.
- Løyvet gjeld som forsøk i 2020, og må evaluerast saman med Lom fjellstyre før eventuell vidareføring.

Det er ikkje søkt om motorferdsel eller bruk av drone i verneområdet, og styret legg til grunn at slike hjelpemiddel ikkje skal brukast.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad av 04.03.2020 – Gjennomføring av ultraløp - *Jotunheimen Ultimate Challenge*
- Sak 9/2019 - Dispensasjon - 2019 - Merking og gjennomføring av konkurranseløp - *Raid des Trolls en Norvège*

Saksopplysninger

Lom IL skigruppa har i samarbeid med Glitterheim, Juvasshytta og Lom og Skjåk Røde kors hjelpekorps søkt om slik dispensasjon for gjennomføring av eit fjellterrengløp i Jotunheimen:

«**Jotunheimen Ultimate Challenge.**

“Eit eco trail løp”

Ultraløp frå Glitterheim til Juvasshytta, over Glittertind og Galdhøpiggen.

Start: Glitterheim.

Mål: Juvasshytta.

Trase: Følge T market stig over Glittertind og ned til Spiterstulen. Fra Spiterstulen følger stig til Galdhøpiggen. Ned stigen mot Styggebreen, over til Galdhøe og Kjelhøe og ned til Juvasshytta.

Reglement: Alle må ha med seg det nødvendige i sekken. Krav om kleder og utstyr i forhold til vær og værmelding. Blir sjekket før start. Dette skal være eit Eco trail løp, dvs ingen kan forurense med å kaste søppel i naturen, eller på annen måte legge igjen merke i naturen. Brudd på reglementet vil medføre diskvalifikasjon fra løpet og ikkje godkjent tidtaking og dermed ikke plassering.

Organisering: Startflagg i Glitterheim og målportal på Juvasshytta. Ingen merking av trase, men sjekkpunkt på Glittertind, Spiterstulen, Galdhøpiggen samt vakter ved Styggebreen. Alle deltakere må innoom sjekkpunkta for å få godkjent løpet. Vanleg klasseideling.

Mat og drikkepåfylling ved kryssing av vegen ved Spiterstulen.

Ved spesielle værtilhøve der det ikkje er ansvarleg å sende folk over toppene vil løpet gå etter vanlig merket stig mellom Glitterheim og Juvasshytta via Spiterstulen.

Mannskap: 2 pers i start. 2 pers i mål. 2 på Glittertind. 2 på Spiterstulen 2 på Galdhøpiggen. Vakter ved Styggebreen. Tidtakere 2 stk på Juvasshytta. EQ timing som tidtaking. Røde kors vakter langs ruta. Førarane på Juvasshytta har ansvar for brepassering. Røde kors for sikkerheit.

Teknisk arrangør: Lom IL skigruppa

Medarrangørar: Glitterheim, Juvasshytta og Lom og Skjåk Røde kors hjelpekorps

Premiering: Deltakerpremie til alle. Premiering av nr 1,2 og 3 i alle årsklasser for menn og kvinner. Hovedpremie til raskeste mann og raskeste kvinne. Premieutdeling på Juvasshytta eller på Norsk Fjellsenter i Lom.


Tidspunkt: Slutten av juni eller starten av juli

Samarbeidspartnere: Sponsorar på startnr, heimeside, t-skjorter. Startnr utdeling i samarbeid med SNO og fjellstyret. Egen lavo i Glitterheim for å hente startnr. I tillegg får alle deltakere informasjon om nasjonalparker og reglement, hvordan bruke nasjonalparker.

Markedsføring: Sosiale medier. Aviser. Radio. TV.

Eit fantastisk løp utan sidestykke i Nord Europa. Opplev toppen av Norge i hjertet av Jotunheimen.»

Kartskissa under viser traseen:



Eit liknande løp, *Raid des Trolls en Norvège*, vart gjennomført i Utladalen og Vest-Jotunheimen i 2019. Også dette var klassifisert som ultraløp, med bruk av eksisterande T-merka rute.

Det er ikkje søkt om speakerteneste / høgtalaranlegg eller motoriserte hjelpemiddel for gjennomføring, og ein legg til grunn at det ikkje vil vera behov for dette.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneforskrift

§ 3, pkt. 5.2 om organisert ferdsel:


«Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.»

§ 3, pkt. 7.3, om støy:

«Unødvendig støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motordrivne modellfly, modellbåt, o.l.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Løpstraseen ligg innan brukssone med store kvalitetar, jf. kart under. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»



Forvaltningsplanutkastet definerer konkurransar som organisert ferdsel som krev dispensasjon frå verneforskrifta. Forvaltningsplanen har slik føring for organisert ferdsel: «*Følgjande punkt definerer når det må søkjast om særskilt løyve til organisert ferdsel (turar) til fots eller på ski:*

- *Organisert ferdsel som omfattar meir enn 50 personar pr. tur. Langs merkte stiar er grensa 100 personar pr. tur*
- *---*
- *Større treningsopplegg, øvingar, jaktprøver, arrangement og konkurransar (sjå kap. 8.10) må ha særskilt løyve (sjå verneforskriftene).»*

Det er elles slike generelle føringar for konkurransar og arrangement i planutkastet frå 2008: «*Slike arrangement har mykje positivt ved at deltakarane er på tur i verneområda. Ulemper kan vere knytte til uroing av dyre- og fugleliv, andre folk på tur i området, og eventuell slitasje, og i tillegg eventuell bruk av motorferdsel for å kunne gjennomføre arrangementet. Det er gjeve løyve til desse arrangementa m.a. på vilkår av at det ikkje blir nytta motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid. At ein ikkje nyttar motoriserte hjelpemiddel skal og gjelde for andre tiltak det kan vere ønskjeleg å gjennomføre i samband med slike arrangement, t.d. pressedekning. Arrangementa i nasjonalparken må m.a.o. ikkje bli så store at arrangementet er avhengig av motorferdsel, og ikkje vere så store at dei vert uoversiklege, då dette lett kan føre med seg slitasje og uro.- -»*

Naturmangfaldlova

Alle dispensasjonar blir vurderte opp mot nml §§ 8-12.

Presedens

Det er gjeve løyve til arrangement i Jotunheimen og Utladalen m.a. på vilkår av at det ikkje blir nytta motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid og med full opprydding kort tid etterpå.

Følgjande fleirårige arrangement/konkurransar har vore gjennomførte i verneområdet:

- Galdhøpiggenrenn - telemarksrenn ved Galdhøpiggen (vår)
- Telemarksrenn på Dyrhaugsryggen (vår)
- Sykkel- og turløpet Fannaråken Duatlon (sommar)
- Nasjonalparkfestival i Utladalen og Årdal m/ Vettisløpet (vår)
- Motbakkeløp Galdhøpiggen (første gong 2008, ikkje arrangert etter 2014)
- High Camp ved Turtagrø (delvis innafor nasjonalparken, vårskiløping)
- Besseggenløpet – gammalt turløp som vart teke opp att i 2010.
- Jotunheimløpet, sledehundeløp, april


Det er nokså stor interesse for ulike arrangement i Jotunheimen, jf. oversikt på arrangement som har vore gjennomført fleire gonger. I tillegg kjem enkeltstående arrangement. For å unngå uheldig presedensverknad er det viktig å kanalisere arrangement til robuste delar av verneområdet, og halde forstyrringane knytt til arrangement på eit lågast mogleg nivå.

I sak 9/2019 vart det gjeve dispensasjon for eit liknande løp, *Raid des Trolls en Norvège*.

I sak 52/2017 vart det gjeve dispensasjon for løpet *Xreid 2018*. Xreid var eit arrangement med mange deltakarar (250) og bruk av hjelpemiddel, så det er ikkje direkte samanliknbart.

Vurdering

Større konkurranseprega arrangement kan av enkelte bli oppfatta som framandelement i parken, jf. brukarundersøking referert til i dokumentasjonsrapporten «*Bruk og brukere i Jotunheimen 1992, 2002 og 2010*» – rapport nr. 7/2011:



Figur 45 Hvordan ville du som friluftslivutøver stille deg til følgende tiltak i verneområdet? - ny bruk av området

Dette er knytt til ei generell undersøking, og det blir i rapporten tilrådd at dette blir sjekka nærare gjennom brukarundersøking på staden. Ein har ikkje registrert konkrete tilbakemeldingar som bygger opp under desse haldningane når det gjeld t.d. Besseggløpet. Det er grunn til å tru at haldninga til konkurranseprega aktivitetar vil vera meir negativ på strekningar der forventninga om å oppleve stillheit og urørt natur er større enn når ein vel å gå Besseggen, som er den mest trafikkerte ruta i heile parken. Sjølv om ein ikkje registrert noko som tyder på mogleg konflikt med friluftslivinteressene når det gjeld denne typen arrangementet, vil det likevel vera viktig å gjennomføre ei evaluering i etterkant av løpet og vurdere eventuelle behov for tilpassingar – særleg dersom arrangementet samlar mange deltakarar.

Jotunheimen Ultimate Challenge går i eit populært område av nasjonalparken, med besøk på dei to høgaste fjelltoppane i landet. Det er derfor viktig å ta omsyn til andre brukarar.

Løpet følgjer etablert rutenett med T-merking. Det er ikkje lagt opp til særskild merking av løypa. Dersom det ikkje hadde hatt form av konkurranse, ville det neppe vore nødvendig med dispensasjon ut frå føringane for organisert ferdsl i forvaltningsplanutkastet, som set grensa ved 100 deltakarar når dei følgjer merka stiar. Det er ikkje søkt om motoriserte hjelpemiddel eller uttrykt noko ønskje om å kunne dokumentere løpet med dronefilming. Det vil slik sett ikkje ha vesentleg annan påverknad på området enn ferdsl i grupper som kan ferdast utan særskild løyve. Det er vanskeleg å anslå deltakartal, men den korte fristen gjer at ein ikkje reknar med at deltakartalet kjem over 100 dette første året.

Konkurranseaspektet gjer at det likevel blir gjort dispensasjonsvurdering i høve til § 3 pkt.5.2.

Arrangementet er lagt i sone med høve til tilrettelegging etter forvaltningsplanen, og løypa følgjer etablert T-merka rute gjennom verneområdet. Løpet blir vurdert å ha liten påverknad på andre brukargrupper, da det ikkje er lagt opp til bruk av motoriserte hjelpemiddel eller dronar. Løpet kjem ikkje i konflikt med hekkelokalitetar for sårbar rovfugl – jf. naturmangfaldlova §§ 8-10. Ein kan ikkje sjå at løpet gjev særleg ekstra belastning på dyre- og fuglevil sidan det er lagt til etablerte ferdslsårer. Samla påverknad på verneverdiane er vurdert som akseptabel (§10 i nml.). Omfanget av arrangementet blir truleg så lite at det i liten grad vil i medverke til slitasje på sti og terreng, men ein bør leggje same føring som for Besseggløpet, og ikkje opne for bruk av sko med metallpiggar (nml § 12 om miljøforsvarlege teknikkar).

Jotunheimen er attraktiv for mange arrangement og konkurransar grunna dei spektakulære omgjevnadane, og føre-var-prinsippet tilseier at eventuell presedensverknad må vurderast. Dersom arrangørane tek sikte på eit årleg arrangement, bør løpet i 2020 vera ein test for hausting av erfaringar, og med evaluering i nær dialog med Lom fjellstyre i god tid før ein eventuell ny sesong. Arrangementet kan gje positive ringverknader for lokalt næringsliv.

Det blir sett vilkår om at den fysiske tilrettelegginga skal avgrensast til merking av start og sjekkpunkt. Det skal ikkje settast opp reklame i verneområdet. Deltakarane i konkurransen må få opplysningar om å ha naudsynt utstyr til å klare seg i høgfjellet. Som eit sikkerheits- og miljøtiltak bør det etablerast baktropp, der representantar for arrangøren går bak siste løper og ser til at det ikkje ligg att søppel langs løypa.

Arkivsaksnummer: 2020/1851-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.02.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 13/2020 | 18.03.2020 |

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Etablering av hengekøyeovernatting - Glitterheim Turisthytte

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i med heimel i § 3 pkt. 1.3.b) i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, Glitterheim Turisthytte (DNT Oslo og Omegn) dispensasjon for oppføring av installasjon for hengekøyeovernatting ved teltplassen vest for bedriftsområdet til Glitterheim.

Vilkår:

- Installasjonen skal plasserast i tilknytning til bedriftsområdet.
- Dersom det oppstår utilsikta verknader som slitasje el.l., kan det gjevast pålegg om flytting eller fjerning av installasjonen.
- Stolpane skal fjernast dersom hengekøyeovernatting ikkje lenger er aktuelt, og stolpefesta må utførast slik at installasjonen kan fjernast fullstendig.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post av 04.02.2020 frå Glitterheim v/ Knut og Tone Vole vedlagt søknad / teikningar.
- Uttale frå Statskog – e-post av 10.02.20.


Saksopplysningar

Glitterheim Turisthytte har søkt om dispensasjon for etablering av hengekøyeovernatting:


«Overnatting i hengekøye har blitt en populær overnattingsmetode blandt mange. I Glitterheim er det pr nå svært lite tre å sette opp hengekøyer i, så vi ynskjer å lage eit tilbod i tilknytning til teltplassen i Glitterheim. Viser til vedlagt skisse. Ideen er å ha ein relativt solid stolpe i midten, og 8 stolper i passe avstand ut fra denne igjen. Hengekøyene blir da festa i midtstolpen (alle 8 hengekøyene) og at de har kvar sin endestolpe, altså i ei vifteform.

1)


2)




HENGEKØYE
OVERNATTING
GLITTERHEIM



Plassering av hengekøyeovernatting tenkte vi i forbindelse med telt plass på andre sida av steinbua fra 1880 (tegning nr 3)
3)



STEINBU




Hengekøylene vil ha myggnett og presenning tak. Eit eksempelbilde:



Overnattinga er tenkt som eit supplement i høgsesong, mange vil nok foretrekke å ligge i hengekøye i staden for på madrasser i peisestua – ein fin sommardag. Det er tenkt å sette opp overnattingscampen om våren når vi åpner og ta den ned igjen om hausten. Slik at den vil stå opp kun når Glitterheim er betjent.»

Kart over området, der plassering av konstruksjonen er markert med raudt:



Flyfoto:



Steinbua (teltplassen og hengekøyeovernattinga er til høgre):



Statskog som grunneigar har ikkje innvendingar: «Omsøkte tiltak ligger innenfor det areal DNT Oslo og Omegn allerede fester for Glitterheim turisthytte. Statskog som grunneier har derfor ingen innvendinger til søknad om etablering av hengekøye plass slik det er skissert.»

Heller ikkje fjellstyret har innvendingar.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Det er i nasjonalparken forbod mott inngrep i landskapet – jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.1:

1.1 Vern mot inngrep i landskapet


Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretingar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 1.3.b) gi løyve til:

«Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Glitterheim ligg i brukssone med store kvalitetar. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»



«Overordna strategi for sona:

Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.»

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter Naturmangfaldlova (nml) § 48 og etter det miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12.

Presedens

Det å opne for dette tilbudet kan skape forventning om liknande tilrettelegging ved andre bedrifter. Også Gjendebu og Memurubu har tilrettelagde telt plassar innan verneområdet, men der er det bjørkeskog, og mindre behov for å setja opp egne installasjonar for oppheng. Det har elles lita praktisk betydning om overnatting utandørs skjer i telt eller i hengekøyer.

Vurdering

Det er etablert forvaltningspraksis å gje dei eksisterande turistbedriftene i verneområdet rom for ei viss utvikling, innan gitte rammer. Å vurdere eksakt kva som er «naudsynt for drifta av turisthytter i nasjonalparken» er ikkje enkelt, men etablert praksis dei seinare åra er å opne for noko utvikling ved dei etablerte bedriftene, så lenge det ikkje går ut over verneformålet eller medfører uheldige ringverknader eller uheldig presedens.

Installasjonen vil fylle ein nyttefunksjon ved at den gjev eit betre overnattingstilbod, og kan dekkje eit behov som kan karakteriserast som ei «*innretning som er naudsynt for drifta av turisthytta*». Det er eit stort tal turistar som kjem til Glitterheim, og prinsippet om at alle skal få plass gjer at det enkelte dagar blir så fullt at folk må overnatte på golvet. Hengekøye kan da kanskje vera eit betre alternativ for dei som ikkje har med eige telt, og det kan også vera eit spanande tilbod for dei som berre vil prøve å overnatte ute. Den aktuelle tomte er brukt til om lag same formål i dag, så hengekøyeinstallasjonen vil truleg ikkje endre bruken vesentleg. Visuelt vil campen gje om lag same landskapsverknad som telt plassert i tilknytning til bedriftsområdet. Men det kan bli meir konsentrert ferdsel rundt ein slik installasjon enn når området ligg der som eit mindre tilrettelagt teltområde. Ein bør følgje utviklinga av bruken, og ha moglegheit for å gjera endringar dersom det skulle oppstå uheldige konsekvensar som terrengslitasje el.l. Stolpefesta må utførast slik at installasjonen kan fjernast heilt dersom den ikkje lenger skal vera i bruk.

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8): Tiltaket er planlagt i tilknytning til bedriftsområdet, og blir vurdert å ha liten innverknad på dyre- og fugleliv ut over aktiviteten som allereie skjer i regi av bedrifta. *Føre-var prinsippet* (§ 9) og *Økosystemtilnærming og samla belastning* (§ 10) tilseier at ein skal vera forsiktig med å opne for tiltak som kan skape uheldig presedens og på sikt for stor belastning på naturmiljøet. Det kan hende at andre turistbedrifter i nasjonalparken vil forvente same behandling om ein først opnar for eit slik nytt element, men så lenge tilrettelegginga skjer i tilknytning til bedriftsområdet og på ein plass som er eigna for formålet, ser ein ikkje at ei slik enkel tilrettelegging vil medføre negative konsekvensar. §§ 11 og 12 om kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode blir ikkje vurdert som relevante spørsmål.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2020/1850-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.02.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 14/2020 | 18.03.2020 |

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Utvida gjestetransport - Glitterheim Turisthytte

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i § 3 pkt. 6.1 verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, blir søknad frå Glitterheim Turisthytte om dispensasjon for ekstra turar med snøskuter etterjuls vinteren 2020 avslått. Det er ikkje heimel i verneforskrifta til å opne for utvida tal turar for gjestetransport.

Løyve for persontransport innan nasjonalparken vart konkret avgrensa til det som var etablert praksis på vernetidspunktet, med to turar i veka i vintersesongen for Glitterheim, Memurubu og Gjendebu.

Naturmangfaldlovas § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gitt i vernevedtaket, og ein dispensasjon i dette tilfellet vil medføre uheldig presedensverknad. Høgruta er lagt opp som eit tilbod utan behov for motorisert transport, og deltakarane på eit slik opplegg må vera budd på å kunne tilpasse turen til naturforholda på det aktuelle tidspunktet, jf. omtalen av Høgruta.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post av 04.02.2020 frå Glitterheim v/ Knut og Tone Vole

Saksopplysningar

Glitterheim Turisthytte har søkt om følgjande dispensasjon for motorferdsel i 2020:

«Med vinteren 2019 godt i minne ynskjer vi i Glitterheim å forandre litt på transporten i forbindelse med vintersesongen.

Vi har tidligare hatt sesong ut april, med stengt tid siste søndag i april. Det viser seg at det nå siste åra har smelta veldig siste uka vi har hatt åpent, og at det blir lite snø i slutten av vintersesongen. Vi har derfor valgt å stenge 1 uke tidligere, men vi blir i Glitterheim og tar imot bl.a høgrutegjester som kommer innom. Da har vi ingen transport inn/ut og tar ikke

imot faste gjester. Vi greier oss da med en snøscooter i Glitterheim for å komme oss ut igjen sjølve med det ferskvarelageret vi har igjen.

Nå for vinteren 2020 spøker det for om Gjende fryser til med god is, og det vil gå ut over tilbudet vi hyttene har med Høgruta. Vi ynskjer derfor å søke om moglegheiten til å utvide transporten til Glitterheim med 1 tur pr uke de 4 ukene vi har åpent. Memurubu vil muligens stenge for vinteren og Høgruta mister da eit overnattingssted. Mange har planlagt turen og lagt til rette for å gå Høgruta nå i 2020. Ved å kunne gi tilbud til transport til gruppa, kan de gå Besshø dag 1, transport inn til Glitterheim om ettermiddag, Surtningshue dag 2 på ski og fortsette dag 3 på normalt vis.

Totalt antall turer i vintersesongen vil ikkje bli nevneverdig forandra pga at vi avslutter transporten ei uke tidlegere, og vi vil kunne gi eit godt alternativ til de som alt har planlagt turen sin. Det beste for både oss og turdeltakere er at turen går på vanlig måte, men som ein service i bakhånd ynskjer vi å kunne ha moglegheita.

Håper på velvillig behandling av søknaden.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Verneforskrifta § 3 pkt. 6.1 set generelt forbod mot motorferdsel.

I medhald av § 3 pkt. 6.3 m) kan Forvaltningsstyresmakta gi løyve til:

«m) Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.»

Persontransport ut over dette er ikkje nemnt blant unntaka i verneforskriftas § 3 pkt. 6.3, og må derfor behandlast etter den generelle heimelen i § 4, som er avløyst av § 48 i naturmangfaldlova med følgjande heimel i 1. ledd:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må vera oppfylt. Det at vilkåra er oppfylt gjev ikkje noko krav på dispensasjon. Dette er ein «kan-paragraf», og det må gjennomførast ei konkret og skjønnsmessig vurdering av om fordelane er klart større enn ulempene. Mellom anna må omfang, miljøverknad og nytteverdi av tiltaket vektleggjast. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008) gjev slik føring for motorferdsel:

Kap. 8.15.5 *Dispensasjonspraksis* pkt. i) gjev følgjande retningslinjer:

- i) *landing med og transport av personar i verneområda er i utgangspunktet forbode. Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gjeve. Det same gjeld transport av mat, proviant og utstyr i samband med fjellturar.*

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter Naturmangfaldlova (nml) § 48 og etter det miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12.

Presedens

Høgruta er eit opplegg som baserer seg på eksisterande infrastruktur. Det å opne for motorisert persontransport knytt til dette tilbudet vil skape uheldig presedens. Det er ikkje direkte heimel i verneforskrifta § 3 pkt.6.3 til å opne for utvid tal turar, og søknaden må derfor vurderast etter nml. § 48. Eit løyve i dette tilfellet ville bety ei utholing av verneforskrifta.

Vurdering

Transportsøknaden om ekstra tur er tenkt som «*service i bakhånd*» for deltakarar på Høgruta, dersom det blir vanskelege førforhold rundt Gjende. Forslaget i søknaden frå Glitterheim er å tilby transport til gruppa inn til Glitterheim etter topptur til Besshøe på dag 1, og tilby overnatting i Glitterheim med dagstur frå der til Surtningsssue på dag 2, og deretter halde fram etter standard rute frå og med dag 3; sjå rute merka med grønt på kartet under:



Høgruta er lagt opp som eit tilbod utan behov for motorisert transport, og deltakarane på eit slik opplegg må vera budd på å kunne tilpasse turen til naturforholda på det aktuelle tidspunktet. Dersom føreforholda elles ligg til rette for gjennomføring av Høgruta, bør det vera mogleg å finne alternativ rute på dag 1-2, der standard rute er 1) Gjendesheim – Memurubu over Besshøe, og 2) Memurubu – Glitterheim over Surtningsssue. Det vil normalt vera overnatting i Memurubu mellom dag 1 og 2.

I turbeskrivelsen for Høgruta står m.a.: «*Etappelengdene og inntegningen er forstå som en indikasjon da snø- og værforhold kan gjøre at man må benytte seg av andre sikre veivalg.*» Dette tilseier at deltakarane må vera budde på at det kan bli endringar i ruta, og slik sett er det ikkje nokon særleg grunn for å tilrettelegge for motorisert transport for denne gruppa.

Det er ikkje etablert forvaltningspraksis å opne for persontransport ut over dei heilt konkrete unntaka som er nedfelt i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 m) som opnar for 2 turar i veka i vintersesongen. Sjølv om samla tar turar ikkje blir vesntleg høgare enn i ein normal vinter, vil ein måtte fråvike prinsippet om å ikkje opne for auka persontransport i verneområdet. Dette vil skape uheldig presedens, da andre bedrifter ut frå likebehandling vil kunne ønskje

tilsvarande service med transport av gjester. Dette vil vil bety ei utholing av verneforskrifta. Ein kan ikkje forsvare bruk av den generelle dispensasjonsheimelen i nml § 48 i dette tilfellet, da denne heimelen ikkje kan brukast for å utvide rammene gitt i vernevedtaket.

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8): Transporten vil skje på seinvinteren, på ei tid som er sårbar for dyre- og fugleliv. *Føre-var prinsippet* (§ 9) og *Økosystemtilnærming og samla belastning* (§ 10) tilseier at det ikkje bør opnast for utvida persontransport, da det vil skape uheldig presedens om ein først brukar nml § 48 for å opne for denne typen unntak. Det må reknast med at fleire vil forvente same behandling, noko som over tid vil gje auka samla belastning innan verneområdet. §§ 11 og 12 om kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode blir vurdert som ikkje relevante spørsmål.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2020/3680-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 11.03.2020

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 15/2020 | 18.03.2020 |

Høring - Kvalitetsnorm for villrein - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vurderer forslaget til *Miljøkvalitetsnorm for villrein*, jf. høyringsbrev av 02.12.19 frå Miljødirektoratet, som eit godt verktøy i samfunnsplanlegging og forvaltning av villreinområda.

Det største trugsmålet mot villreinen i Noreg er fragmentering og tap av leveområde som følge av fysiske inngrep, nedbygging av areal og stadig uro i form av mennskeleg ferdsel. Den største utfordringa i villreinforvaltninga vil vera å sikre at villreinbestandane har intakte leve- og funksjonsområde av tilstrekkeleg storleik og kvalitet, nå og i framtida.

I arbeidet med påverknadsanalysar og tiltaksplanar er det viktig at det vert etablert kontakt med lokale fagmiljø og ressurspersonar. I analysen om påverknad blir det sentralt å stille dei rette spørsmåla, der lokalkunnskap om arealbruk vil vera heilt nødvendig. Det kan også vera føremålstenleg å setje ei tidsramme for når eventuelle tiltaksplanar skal vera ferdige, slik at miljøkvalitetsnormen fører til konkrete tiltak, og ikkje berre blir ein del av sjølvne kunnskapsinnhentinga.

Nasjonalparkstyret meiner miljøkvalitetsnormen burde hatt ein indikator for «*Leveområde og menneskelig påvirkning*» som kan brukast på alle villreinområda.

Det er ønskjeleg at målet i artikkel 3 kunne styrkast til slik ordlyd i første setning: «*Målet er at god kvalitet for det enkelte villreinområde opprettholdes eller nås snarest mulig*». Dette bør minimum gjelde for dei nasjonale villreinområda.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Kvalitetsnorm villrein - Høringsnotat november 2019 (klikk på lenka under)
- Høring - kvalitetsnorm for villrein
- Kvalitetsnorm villrein - november 2019

Alle høyringsdokument finnes på: <https://tema.miljodirektoratet.no/horing2019-13819/>

Saksopplysningar

Miljøkvalitetsnormen for villrein - målsetting

Miljødirektoratet har i brev datert 02.12.19 sendt forslag til «Miljøkvalitetsnorm for villrein» på høring. Høyringsfrist er 23.03.20.

Det er Stortinget som har bede om at det blir utarbeidd ein slik kvalitetsnorm. Forslaget til kvalitetsnorm byggjer på faglege råd frå ei uavhengig ekspertgruppe.

